



NJFF SOGN OG FJORDANE

# Årsmelding 2006



Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid

**ÅRSMØTE**  
**SOGNEFJORD HOTEL, LEIKANGER**  
**24.-25. MARS 2007**

**INNHALDSLISTE**

Program og sakliste årsmøte.....	side 2
Styret sine framlegg til vedtak.....	side 3
Nokre ord frå leiaren.....	side 6
Årsmelding frå styret.....	side 7
Medlemsutvikling.....	side 17
Årsmelding frå Fagleiar Fisk.....	side 22
Årsmelding frå Fagleiar Vilt.....	side 24
Årsmelding frå Fagleiar Hund.....	side 25
Årsmelding frå Ungdomsansvarleg.....	side 26
Årsmelding frå Kvinnekontakten.....	side 27
Årsmelding frå Organisasjonskontakten.....	side 27
Årsmelding frå Fylkesinstruktor Ettersøkshund.....	side 28
Årsmelding frå Fylkesinstruktor Jegerprøve.....	side 29
Årsmelding frå Fylkesinstruktor Hagle.....	side 30
Årsmelding frå Fylkesinstruktor El. Dressurhalsband.....	side 30
Årsmelding frå fylkessekretær.....	side 31
Kontorutstyr.....	side 32
Rekneskap for 2006.....	side 33
Rekneskap Vestnorsk Villmarksmesse 2006.....	side 35
Årsplan for 2007.....	side 37
Budsjett for 2007.....	side 42
Vedtekter.....	side 44

## PROGRAM ÅRSMØTE

<b>Laurdag 24. mars</b>	Kl. 13.00	Velkomen Nytt frå NJFF <i>Helge Jørgensen, NJFF</i>
	Kl. 14.00	Lunsj
	Kl. 15.00	Årsmøtesaker
	Kl. 16.30	Kaffepause m/ frukt/kake
	Kl. 16.50	Årsmøtesaker
	Kl. 19.00	Avslutning
	Kl. 20.00	Middag og sosialt samvær
<b>Søndag 25. mars</b>	Kl. 09.00	Fagleg del: Kvinnesatsing <i>Helge Jørgensen, NJFF</i>
	Kl. 10.45	Kaffepause
	Kl. 11.00	Open time
	Kl. 12.00	Tur til klubbhuset til Leikanger jfl på Kleppa Lunsj på klubbhuset, avreise

Pausar etter behov.

## SAKLISTE ÅRSMØTESAKER

1. Konstituering av møtet
  - Namneoppprop
  - Val av ordstyrar
  - Val av sekretær
  - Val av teljekorps
  - Val av 2 representantar til å skrive under møteboka
  - Godkjenning av fullmakter
  - Godkjenning av innkalling
  - Godkjenning av sakliste
  - Godkjenning av forretningsorden
2. Årsmeldingar for 2006.
3. Revidert rekneskap for 2006.
4. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.
5. Vedtektsendring §8, del II
6. Styret sitt framlegg til arbeidsprogram 2007
7. Fylkeslaget sin kontingentdel 2008, med styret sitt framlegg til vedtak.
8. Styret sitt framlegg til budsjett 2007
9. Val av styre i medhald av § 7.
10. Val av valnemnd.
11. Val av 2 revisorar og ein varamedlem

## STYRET SINE FRAMLEGG TIL VEDTAK

### Sak 1. Konstituering av møtet

#### Godkjenning av fullmakter

Årsmøtet tek stilling til evt. innkomne fullmakter

#### Godkjenning av innkalling og sakliste

Innkalling med førebels program vart utsendt 08.02.07. I fylgje fylkeslaget sine vedtekter skal årsmøtet kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, evt. vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.

#### *Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:*

*Innkalling og styret sitt framlegg til sakliste vert godkjend.*

#### Godkjenning av forretningsorden

Styret fremjar følgjande til forretningsorden:

1. Talerett har alle valde årsmøtedelegatar, fylkeslagsstyret, fylkesinstruktørar, fylkessekretær og gjester
2. Forslags- og røysterett har alle valde årsmøtedelegatar og fylkeslagsstyret. Dersom fylkeslagsinstruktørar møter som representant for eit lag har dei røysterett. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap. Ingen har meir enn ei røyst.
3. Forslag på vedtak skal leverast møteleiar skriftleg og underteikna, men før strek er sett. Berre endringsforslag som har samanheng med saker oppført på saklista kan behandlast. For seint innkomne forslag kan ikkje behandlast.
4. Alle vedtak skal avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal ha loddtrekning. Vala skal vere skriftlege dersom nokon av representantane krev det. Ved endring av vedtektene, krevst 2/3 fleirtal
5. I protokollen skal det førast inn dei som har hatt ordet i saka, innkomne forslag og avstemmingar, samt dei vedtaka som er gjorde.

#### *Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:*

*Styret sitt framlegg til forretningsorden vert godkjend.*

### Sak 2, Årsmeldingar

Årsmelding for 2006: s. 22-

#### *Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:*

*Styret sitt forslag til årsmelding vert godkjend.*

### Sak 3, Rekneskap 2006

Rekneskap s. 33

#### *Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:*

*Rekneskapet vert godkjend.*

#### **Sak 4, Innkomne forslag**

Det er ikkje kome inn forslag til årsmøtet.

#### **Sak 5, Vedtektsendring §8, del II**

Etter den nye instruktørordninga i NJFF er det NJFF sentralt som formelt autoriserar fylkesinstruktørar basert på innstilling frå fylkeslaga. Sentralledet har derfor bedt fylkeslaga om å endre "utnevne" til "innstille" i §8, punkt 12.

#### ***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***

*Årsmøtet gjer vedtak om å endre §8 pkt. 12 i vedtektene til "12. Innstille fylkesinstruktørar."*

#### **Sak 6, Årsplan 2007**

Styret sitt forslag til årsplan: s. 37

#### ***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***

*Styret sitt framlegg til arbeidsprogram for 2006 vert godkjend.*

#### **Sak 7, medlemskontigent 2008**

Fylkeslagskontigenten er no kr. 35,- for alle kategoriar med unntak av barne- og ungdomsmedlemskap med og utan tidsskrift som er sett til kr. 0,-.

For å dekke deler av lønnskostnader til ein planlagt tilsett barne- og ungdomsarbeider, ynskjer fylkesstyret å auke kontigenten med kr. 10,- i alle kategoriar

#### ***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***

*Årsmøtet gjer vedtak om å auke fylkeslagskontigenten med kr. 10,- i alle kategoriar*

#### **Sak 8, budsjett 2007**

Styret sitt forslag til budsjett: s. 42

#### ***Styret sitt framlegg til årsmøtevedtak:***

*Styret sitt framlegg til budsjett for 2007 vert godkjend.*

**Sak 9, Val 2007*****Valnemnda sitt framlegg til vedtak:***

<b><i>Verv</i></b>	<b><i>Tillitsvald i dag:</i></b>	<b><i>Valnemnda sitt framlegg:</i></b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Leiar</li> <li>• Nestleiar/ sekretær veljast for 2 år</li> <li>• Kasserar veljast for 1 år</li> <li>• Ungdomsansvarleg veljast for 2 år</li> <li>• Fagleiar vilt</li> <li>• Fagleiar fisk, veljast for 2 år</li> <li>• Kvinnekontakt</li> </ul>	<p>Øyvind Hopland Dag Sture Fjeldsbø Vidar Sylvarnes Torunn Rygg Geir Haukaas Svein Arne Forfod Bente Skrede</p>	<p>Ikkje på val Attval Atle Ødegård, Eid Jan Thore Fedje Ikkje på val Attval Ikkje på val</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• 1. vara / Fagleiar hund, 1 år</li> <li>• 2. vara, veljast for 1 år</li> </ul>	<p>Henning Fureli Per Norstein</p>	<p>Attval Attval</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Revisor nr. 1, har 1 år att</li> <li>• Revisor nr. 2, har 2 år att</li> <li>• Revisor vara, veljast for 3 år</li> </ul>	<p>Arve Nesje Terje Espe Bjørn Tjønnås</p>	<p>Ikkje på val Ikkje på val Stein Inge Refvik</p>
<ul style="list-style-type: none"> <li>• Valnemnd, leiar</li> <li>• Valnemnd, medlem</li> <li>• Valnemnd, medlem</li> </ul>	<p>Ove Bjørlo Svein Inge Lundheim Jan Dahlberg</p>	<p>Svein Inge Lundheim Jan Dahlberg</p>

## NOKRE ORD FRÅ LEIAREN

Det er igjen tid for årsmøte og nokre betraktningar om det som har skjedd i løpet av det året som har gått. Fylkeslaget har i god skikk, i lag med fylkessekretær, arbeidd aktivt med å nå dei målsetningane som vart beslutta på årsmøtet i Førde i 2006, og har i alt hatt 6 Styremøter og behandla 55 saker. I tillegg har ein starta ein strategidebatt for å bli ein betre og ein meir synleg organisasjon, der konkrete målsetningar for kvart enkelt fagfelt blir sett i fokus. Synkande medlemstal i fylket og lite eller manglande engasjement i mange av lokallaga, samt at ein skal prøve å leve opp til dei målsetningane og vedtaka som landsmøte og sentralstyre pålegg oss, er hovudgrunnen. Ein legg opp til å legge strategien i forhold til landsmøteperioden, for mange av dei vedtaka som blir gjort der, er slik som fylkeslaget må rette seg etter.

2006 vart eit historisk år på mange måtar, i og med at NJFF -Sogn og Fjordane fremma 4 saker til landsmøtet på Øyer 10-13 november. Alle sakene vart vedtekne, og forbundsstyret skal no arbeide vidare med "våre" saker, og etter det eg kjenner til er det ikkje fremma forslag frå Sogn og Fjordane til landsmøte tidligare. Det er viktig at vi tar opp våre lokale problemstillingar til landsmøtet, då stiller ein mykje sterkare, ved at dei tilsette på Hvalstad arbeider vidare mot dei rette myndigheitene, og det blir større mulighet med å vinne fram med sakene.

Samarbeidet mellom dei ulike FNF organisasjonane under villmarksleiren på Villmarksmessa i Førde, er eit eksempel på kor sterke ein kan vere, om ein stiller i lag, det er ikkje alltid vi er like einige om alle saker, men stort sett handlar det om å bruke eller ta vare på naturen. Villmarksleiren var eit kjempearrangement, som formodentleg dreg nye brukara ut i naturen, og skal vi i framtida få utføre jakt, fisk og friluftsliv som ein del av vår fritidsaktivitet, er det viktig at born og unge får eit forhold til dette.

Vi har store utfordringar i fylket framover og fylkeslaget vil følge nøye med i utviklinga i forhold til uheldig framleige, fiskeresursane i havet, utbygging av småkraftverk og kraftlineproblematikken. Vi er eit rikt fylke innafor jakt, fiske og friluftsliv, og vi kan ikkje sitje å sjå på at resursane og muligheitene, minskar dag for dag.

Eg vil til slutt takke for samarbeidet med alle dei tillitsvalde i året som har gått, og ein spesiell takk til fylkessekretæren for godt utført arbeid, og hennar fleksible og positive haldning.

Øyvind Hopland  
- fylkesleiar -

## ÅRSMELDING FOR 2006 FRÅ FYLKESLAGET

### Fylkeslaget har i 2006 vore samansett slik:

Leiar	Øyvind Hopland, Stryn og Hornindal jspfl
Nestleiar / sekretær	Dag Sture Fjeldsbø, Høyanger jfl
Kasserar	Vidar Fjello Sylvarnes, Årdal jff
Ungdomsansvarleg	Torunn Rygg, Gloppen jfl
Fagleiar Vilt	Geir Haukaas, Førde jfl
Fagleiar Fisk	Svein Arne Forfod, Høyanger jfl
Kvinnekontakt	Bente Skrede, Stryn og Hornindal jspfl

1. vara Fagleiar Hund	Henning Skjalg Fureli
2. vara	Per Norstein, Leikanger jfl

Organisasjonskontakt	Kristin Halvorsen, Flora jfl
Fylkesinstr. Jegerprøve	Bjarne Huseklepp, Hyllestad jfl
Fylkesinstr. Eppersøkshund	Lidvin Hage, Stryn og Hornindal jspfl
Fylkesinstr. El. Dressur	Bjørn Monsen, Leikanger jfl

### Hundeutval:

Leiar	Fagleiar Hund, Henning Fureli
Medlem	Eirik Forthun, Sogndal jspfl
Medlem	Arvid Holme, Flora jfl
Medlem	Einar Heggstad, Stryn og Hornindal jspfl
Medlem	Tore Bjørndal

### Revisorar

Revisor 1	Arve Nesje, Stryn og Hornindal jsfl
Revisor 2	Terje Espe, Eid jfl
Revisor, vara	Bjørn Tjønnås

### Valnemnd

Leiar	Ove Bjørlo, Eid jfl
Medlem	Svein Inge Lundheim
Medlem	Jan Dahlberg

### Tilsette:

Fylkessekretær 100 % stilling:	Reidun Solberg Seim, Sandane
FNF kontakt 50 % stilling	Astrid Eliassen, Florø

**Frå NJFF - Sogn og Fjordane har desse vore med i NJFF sine styre og utval i 2006:**

Kristin Halvorsen, kvinnekontakt	Medlem i Forbundsstyret
Kristin Halvorsen, kvinnekontakt	Leiar Barne- og ungdomsutvalget
Bjarne Huseklepp, Jegerpr. Instr.	Varamedlem i Forbundsstyret
Ove Bjørlo, Eid jfl	Medlem jakttskytterutvalget

**Fylkeslaget er representert i desse utval/fagråd:**

- Referansegruppa for Norsk Hjortesenter: Leiar. Fagleiar Vilt er vara.
- Styringsgruppa for prosjektet "Næring og driftsplanlegging i utmark". Fylkessekretær møter.
- Fagleiar Vilt og Fagleiar Fisk er kontaktpersonar.
- Styringsgruppa i FNF (Forum for Natur og Friluftsliv), Nestleiar / sekretær
- Merkeprosjekt hjort, styringsgruppa. Ove Bjørlo
- Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Sogn og Fjordane: Fagleiar Fisk
- Samarbeidsrådet for laks og sjøaure i Nordfjord: Arvid Pedersen
- Styringsgruppa for Norsk Villakssenter: Fagleiar Fisk
- Kontaktutvalet for rovvilt: Reidun Solberg Seim

**Styremøte:**

Det er halde 6 styremøte og handsama 55 saker. 1 arbeidsmøte om strategiplan 2007 – 2009.

**Informasjon frå styret:**

Styret har sendt ut sakliste og referat frå styremøta til lokallaga, fylkesinstruktørar og NJFF. Lokallagsinformasjonen "Jeger & Fisker" er sendt ut 6 gonger i tillegg til anna informasjon frå styret. Nettsida til fylkeslaget blir brukt til å legge ut informasjon på også. 1 medlemsavis.

**Pressemeldingar og reportasjar sendt ut frå fylkeslaget :**

20.02.06	Ny giv for fuglehundar
Februar mars	Vestnorsk Villmarksmesse, villmarksleir
20.03.06	Årsmøte i fylkeslaget – ny leiar, kvinnesatsing, villmarksmesse
10.04.06	Sjøaurekonkurransen og villmarksmesse
23.04	Den beste sjøaurefiskaren kåra
23.05	Frå Fylkesleir for ungdom
16.06.06	Jenteturar
25.07.06	Villmarksleir 15 +
03.08.06	Villmarksleir 15 +
September	Bruspulverblod
06.11.06	Viltseminar
15.11.06	Landsmøte

**Medieaktivitet:**

07.01.06	NRK –Sogn og Fjordane. Revejakt
09.02.06	NRK Sogn og Fjordane og Firda. Stopp nye oppdrettskonsesjonar
28.03.06	NRK –Sogn og Fjordane og P1. Vestnorsk Villmarksmessa
29.03.06	NRK –Sogn og Fjordane og P1. Vestnorsk Villmarksmessa
30.06.06	NRK –Sogn og Fjordane. Havfiske for jenter
Nr. 6	Artikkel i Jakt og Fiske
06.09.06	NRK –Sogn og Fjordane. Bruspulverblod
08.09.06	Firda – mot helg/Aktuelt: hjortejakt
19.09.06	Nordfjord Nærradio
23.09.06	NRK –Sogn og Fjordane. Rypejakta så langt
23.09.06	Firda - portrett
sept.	Fjordaladet og postavisa: reportasje om kvinner og jakt
sept.	Firda. Fiskesesongen

**Representasjonar, profilering, møter og arrangement****JANUAR**

16.01.06	Førde	Møte villmarksmessa	Torunn
24.01.06	Førde	Møte villmarksmessa	Øyvind, Torunn, Reidun
31.01.06	Bergen	EU's vanddirektiv	Svein Arne, Reidun

**FEBRUAR**

01-02.02.06	Førde	Plansamling for kommunane	Svein Arne, Reidun
02.02.06	Førde	Møte FNF	Øyvind
07.02.06	Skei	Styremøte	
12.02.06	Førde	Årsmøte i Førde jfl	Svein Arne, Reidun
16.02.06	Førde	Møte villmarksmessa	Torunn
21.02.06	Førde	Møte villmarksmessa	Øyvind, Reidun
26.02.06	Byrkjelo	Årsmøte Gloppen jfl	Torunn
		Synfaringar i Gloppen, Fjærland, Jølster	Svein Arne

**MARS**

02.03.06	Førde	Samling viltforvaltninga	Reidun
02-03.03.06	Førde	Samling viltforvaltninga	Geir
4-5. 03.06	Gaularfjellet	Vintersamling fuglehundar	Henning
09.03.06	Førde	Møte villmarksmessa	Øyvind, Reidun
18-19.03.06	Førde	Årsmøte i NJFF -Sogn og Fjordane	Øyvind, Dag, Geir, Torunn, Vidar, Olav, Henning, Reidun
23.03.06	Førde	Årsmøte FNF	Øyvind

**APRIL**

04.04.06	Førde	Møte Villmarksmessa	Øyvind, Torunn, Reidun
21-23.04.06	Molde	Kvinnekontaktsamling	Bente

25.04.06	Førde	Møte villmarksmessa	Øyvind, Torunn, Reidun
27-30.03.06	Førde	Vestnorsk Villmarksmesse	Torunn, Reidun, Øyvind, Olav
28-30.04.06	Førde	Vestnorsk Villmarksmesse	Vidar, Svein Arne, Geir
29-30.04.06	Førde	Vestnorsk Villmarksmesse	Henning, Kristin
29.04.06	Førde	Vestnorsk Villmarksmesse	Dag, Per, Bjørn, Lidvin, Svein Inge

**MAI**

05-07.05.06	Førde/Byrkjelo	Dommarkurs jegertrap/Instruktørkurs hagle	Olav
06.05.06	Byrkjelo	Dommarkurs jegertrap	Reidun
6.-7.05.06	Førde	Fuglehundsamling	Henning
09.05.06	Skei	Styremøte	
11.05.06	Førde	Konferanse barns helse og fys. Akt.	Reidun
15.05.06	Førde	Evalueringsmøte villmarksmessa	Øyvind, Torunn, Reidun
19-21.05.06	Asker	RS/FLK	Øyvind, Reidun
24.05.06	Hyen	Synfaring villmarksleir	Reidun

**JUNI**

08.06.06	Skei	Styremøte	
09-11.06.06	Nesholmen	Fylkesleir for ungdom	Torunn, Reidun, Svein Arne, Geir
14.06.06	Førde	Planmøte viltseminar/viltfondsmidler	Geir, Reidun
24.06.06	Leikanger	Åpning nytt baneanlegg Leikanger jfl	Øyvind
30.06-02.07	Askrova	Havfisketur for jenter	Bente, Reidun
	Skei	Informasjonsmøte kraftlinje	Svein Arne
	Førde	Møte med Førde jfl	Svein Arne

**JULI**

22-24.07.06	Hyen	Friluftshelg i Hyen	Reidun

**AUGUST**

22.08.06	Lærdal	Møte villakssenteret	Svein Arne

**SEPTEMBER**

1-2.09.06	Asker ?	RS/FLK	Øyvind
07.09.06	Florø	Haustkonf. NLA, vindkraft	Reidun
12.09.06	Hermansverk	Møte Fylkesmannen, sjøaureprosjekt	Svein Arne
19.09.06	Førde	Møte med Førde jfl	Svein Arne, Øyvind, Reidun

**OKTOBER**

03.10.06	Haugesund	Seminar kraftverk	Svein Arne
05-07.10	Gravberget	Elgjakt for jenter	Bente

10.10.06	Førde	Høyringsmøte kulturmidlar	Torunn
17.10.06	Førde	Møte viltseminar	Geir
17.10.06	Sandane	Bruspulverblod	Torunn
27.10.06	Skei	Styremøte	
31.10-01.11	Førde	Seminar allemannsretten	Reidun

**NOVEMBER**

06.11.06	Lærdal	Møte villakssenteret	Svein Arne
10-12.11	Øyer	Landsmøte	Øyvind, Svein Arne, Svein Inge, Bente, Reidun.
12-13-11	Øyer	Fylkessekretærsamling	Reidun
17-18.11.06	Skei	Fellessamling FNF	Dag, Reidun
23.11.06	Førde	Referansegruppa utmarksbasert reiseliv	Reidun
24-25-11-06	Balestrand	Leiar og ungdomskonferanse	Øyvind, Torunn, Bente, Geir, Svein Arne, Henning, Reidun
25-26.11.06	Balestrand	Viltseminar	Øyvind, Bente, Geir, Svein Arne, Henning, Reidun
28.11.06	Hermansverk	Møte kontaktutvalet for rovvilt	Reidun
30.11.06	Bergen	Møte ang. Regionsavis	Reidun

**DESEMBER**

2-4.12.06	Stjørdal	Jegerprøvesamling	Bjarne
5.12.06	Skei	Arbeidssamling / styremøte	
13.12.06	Lærdal	Møte villakssenteret	Svein Arne

# Norges Jeger- og Fiskerforbund -Sogn og Fjordane



## Status årsplan for 2006

### 1.1. Naturgrunnet som føresetnad for jakt og fiske.

**Målsetjing:** Sikre naturgrunnet som vilkår for jakt og fiske.

#### Prioriterte satsingsområder:

FF = Fagleiar Fisk  
FV = Fagleiar Vilt  
FH = Fagleiar Hund  
FS = Fylkessekretær  
FL = Fylkeslaget  
LF = Lokallaga  
FM = Fylkesmannen

#### Sikre bærekraftig forvaltning av fiske- og viltressursar, med særleg vekt på desse områda:

- Forvaltning av fiskeressursane i havet /
- Forvaltning av kystområda
  - Oppdrettsnæringa (kont - FF)
  - ✓ EU's vassdirektiv: møte i Bergen 31.01.06 (FF/FS)
  - Høyringar som går på areal kystsona (FF/FV)
- Betre vern av anadrome fiskeartar
  - ✓ Deltakar lakserådet (kont – FF)
  - ✓ Høyringar: fiskeforskrift o.a. (kont – FF)
  - Lakselus (kont. - FF)
  - ✓ Gyro og andre smittekjelder (kont. – FF/FS)
  - ✓ Kraftutbygging som er til skade for anadrom fisk (kont. – FF)
  - ✓ Sak til landsmøte angående brislingfiske (1. halvår – FF)
- Oppfølging av vidareutvikling av hjorteviltforvaltninga
  - ✓ Arbeidsseminar, viltforvaltning i kommunane, 2-3. mars (FV/FS))

#### Lokal vilt- og fiskeforvaltning, arealforvaltning, inngrep / uroing i naturområder og satsing på Forum for natur og friluftsliv

- Brei fokus på motorisert ferdsel i utmark
  - Pressemelding, informasjon, samarbeid andre organisasjonar
- Merkeprosjekt hjort i Nordfjord
  - ✓ Delta på møter (kont. – Ove Bjørlo)
  - ✓ Rettingar og tilføyningar på nettsida (kont – FS)
- Samarbeid Forum for Natur og Friluftsliv (FNF)
  - ✓ Møter, samlingar, samarbeid aktivitet innan FNF nettverket (kont – alle): møter i styringsgruppa (nestleiar), årsmøte FNF (nestleiar), fellesmøte hausten,
- Samarbeide med Fylkesmannen om tildeling av midlar frå vilt og fiskefondet
  - ✓ Møte med Fylkesmannen: viltfondsmidlar ( Mars – FV)
  - ✓ Møte med Fylkesmannen: fiskefondsmidlar ( Mars –FF)
- Bistå lokallaga vedr. lokal vilt- og fiskeforvaltning
  - Hjelp / bistå lokallag når dei ber om bistand vedr. vilt- og fiskeforvaltning (FF/FV)
- Aktiv deltakar i arealforvaltning, arbeide mot inngrep / uroing i naturområde (kont.– styret/FS)
  - Høyringar (Kont. –FF / FV/ FS)

- Pressemeldingar (Kont. –FF / FV/ FS)
- (✓) Informere LF om kommunale planar som er under revidering
- ✓ Viltseminar, Sogn (FV)

### **Sikre bærekraftig forvaltning av vassdraga, og legge til rette for bærekraftig utnytting av andre fornybare energikjelder**

- Fylgje opp vindkraftutbyggingar
  - Høyringssvar utbyggingssaker (kont – FV)
  - ✓ Utarbeide policy frå fylkeslaget (FV)
- Fylgje opp større vassdragsutbyggingar
  - ✓ Høyringssvar utbyggingssaker (kont. –FF)
  - ✓ Halde oversikt over saker som er / vil bli aktuelle: [www.nve.no](http://www.nve.no) (kont- FF)
- Oppfølging av satsinga på mikro-, mini- og småkraftverk.
  - Pressemelding (kont. – FF)
  - ✓ Høyringssvar utbyggingssaker, arbeidd med 25 saker
- Arbeide for utarbeiding av samla plan for småkraftverk og for vindkraftutbygging.
  - ✓ Påverke kommunane til å lage samla plan småkraft (kont – FF)
  - ✓ Påverke fylkeskommunen til å lage samla plan vindkraft (kont – FV)

### **Fokus på eit aktivt vilt- og fiskestell, herunder vilttakseringar/ bestandsregistreringar og biotopforbedrande tiltak**

- Rypetaksering (FV / FH)
  - ✓ Taksering i Årdal saman med Årdal jff (vår- FV/FH)
- Biotopjusteringar i regulerte vassdrag / biotopskjøtsel:
  - ✓ Deltaking i samarbeidsgruppe med NINA (kont – FF)
- ✓ Tema: Biotopforbedrande tiltak og predator kontroll småvilt (årsmøte)
- (✓) Kartlegging av sjøauren i Høyanger, Flora og Stryn / Hornindal
- ✓ Viltseminar, Sogn (FV)
- Bestandsregistrering sel
  - Samarbeid med fiskeridirektoratet og andre m.t.p. registrering i 2007

### **Forsuring, anna kjemisk og biologisk forureining og smittespreiing, herunder setje fokus på utfordringar med introduserte artar**

- Arbeide for auka kalkingsbudsjett / Forsuring
  - Pressemeldingar (Okt-nov. - FS)
  - Brev til politikarane (Okt-nov. - FS)
- Arbeide for auka midlar til å bekjempe gyro
  - Pressemeldingar (Okt-nov. - FS)
  - Brev til politikarane (Okt-nov. - FS)
- Vere behjelpeleg med å gje informasjon til NJFF om spreing av fiskeartar
  - Fange opp evt. problem/ få info frå lokallag og formidle vidare til NJFF (kont–FS/FF)
- Vere aktiv i forb. med fugleinfluensa, informasjon og tiltak for å hindre spreing av smitte (FV)

## 1.2. Tilgjenge til jakt og fiske.

**Målsetjing:** Sikre og vidareutvikle ålmenta si tilgjenge til jakt og fiske.

### Vidareføre samarbeidet med private og offentlege rettshavarar, herunder sikre gjennomføring av avtalar og inngåing av nye.

- Samarbeid med Norskog: prøveordning med lange jakttider kombinert med samjakt
  - Fylgje opp prøveordninga i Jølster (kont – FV)
- Samarbeid med rettshavarane:
  - ✓ Deltakar referansegr. Utmarksbasert Reiseliv (kont –FS)
  - ✓ Vilt/ Jaktseminar (nov. – FV)
  - Opplæringsjakt (kont – FV/FH/ungd.ansv. / j.p. instr./ kv.kontakt)
  - Halde oversikt over jakt- og fiske som LF disponerar
  - Bistå LF ved : a) leige av jakt og fiskerettar, b) søknad om leige (kont- FF / FV)
  - Utarbeide kontraktsmal til LF for leige av jakt- og fiskerettar (5 års kontrakt)
  - FL hovudarkiv for alle kontraktar som LF disponerer for å sikre at fristar vert overholdt (utløp av kontrakt og rapportering)
  - ✓ Oversikt over kortsal småviltjakt for private grunneigar på nettsida (FS)
  - ✓ Pådrivar for at FM lagar kart over kortsal småviltjakt (FS / FV)
  - ✓ Treningsterreng for fuglehundar (kont – FH)

### Sikre allemannsrettane og ferdselsretten

- Høyringar (FS/FF/FV)
- ✓ Informere om allemannsrettane og ferdselsretten (messeavis, internett – FS)
- Ivareta ålmenta sine interesser der det vert brukt betydeleg off. midlar, t.d. Lærdalselva, Guddalsvassdraget, andre (kont – FF / FV)

### Revisjon av jakttidforskrifta

- ✓ Høyringssvar (FF)

### Fokus på uheldig framleige / formidling av jakt og fiske

- ✓ Setje fokus på konkrete døme
- Vere aktiv i forhold til nye søknader om framleige

### Faunaforvaltning i verneområde

- Høyringar verneforskrifter (kont – FV / FF)

### Bidra til vidare drift og utvikling av Inatur

- Aktivt påverke lokallaga til å tilby sine produkt og tenester gjennom Inatur (FS)
- ✓ Marknadsføre og informere om Inatur (nettside, info, messeavis, viltseminar)

## 1.3. Utøving av jakt og fiske.

**Målsetjing:** Sikre jakt- og fiskeutøving som ein naturleg del av det tradisjonelle, haustingsbaserte friluftslivet.

### Vidareføre arbeidet med sikker og human jaktutøving

- Opplæring jakt

- ✓ Oversikt over jegerprøvekurs i LF på internett (kont. – FS)
- ✓ Fellessamling fylkesinstruktører jegerprøva (Desember - j.p. instr.)
  - Opplæringsjakt (kont – FV / FH)
  - Kurs / temakveld om revejakt (FV)
- Opplæring skyting
  - ✓ Oppdateringskurs jegertrapdommarar (instr. hagle)
  - ✓ Instruktørkurs hagle (instr. hagle)
  - ✓ Fellessamling fylkesinstruktører hagle (desember – instr. hagle)
  - ✓ Arbeide for at LF driv aktiv trenings- og konkurranseskyting
  - Etablere jakttskytecup

### **Påvirke LF til å arrangere parteringskurs, jaktleiarkurs etc.**

- Etablere database med instruktører innanfor den sektoren
- ✓ Informere om stønadsordningar etc. til slike kurs (viltfondsmidlar)

### **Viltseminar Sogn**

- ✓ Innlegg som går på sikker og human jakt

### **Satsing mot sportsfiskarar med utgangspunkt i sjøaure**

- ✓ Sjøaureprosjektet "Berre eit kast til" : bistå LF i sjøaurekonkurransane

### **Auka fokus på jakthundsektoren**

- Vere pådrivar ovanfor lokallaga for at dei gjennomfører dressurkurs (FH)
- ✓ Treningssamling for ståande fuglehundar, Gaularfjellet 4-5. mars (FH)
- ✓ Treningsterreng for fuglehundar (kont. -FH)
- Trening på duer for fuglehundar (vår/sommar – FH)
- ✓ Hundekaktivitetar på Vestnorsk Villmarksmesse (28-30. april – FH)
- Instruktørkurs aversjonsdressur (instr. aversjonsdressur)
- Kurs hjortereine hundar (instr. aversjonsdressur)
- ✓ Arrangere dommarkurs ettersøk (ettersøk instr. )
- ✓ Arrangere kurs for nye ettersøksjegerar (ettersøk instr.)
- Kartlegge status ettersøksarbeidet i Sogn og Fjordane (ettersøk instr.)
- Samling for dommarar på blodspor og fersksporprøver (ettersøk instr.)
- Ha oversikt over aktive ettersøksekvipasjar og instruktører (ettersøk instr.)
- ✓ Bistå terminfesta sporprøver (ettersøk instr.)
- Fylgje opp hundelova: delta i arbeidsgruppe som utarbeider kommunale mønsterforskrifter til hundelova

### **Bruke konkurranseverksemda som tiltak for god jaktutøving**

- ✓ Påvirke til å arrangere fleire terminfesta skytestevner (Instr. hagle / FS)
- ✓ Premiar til Fylkesmeisterskap og Landsdelsmeiseterskap (FS)

### **Kvinnesatsing**

- Betre moglegheitene for kvinner til å utøve jakt og fiske gjennom tilrettelagte tiltak
  - ✓ Småviltjakt for jenter (september – kvinnekontakt)
  - ✓ Storviltjakt for jenter (august / oktober – kvinnekontakt)
  - ✓ Fiske for jenter, havfiske (juni – kvinnekontakt)
- Bistå LF i deira kvinnesatsing
  - ✓ Samling for kvinnekontakter i LF ( kvinnekontakt)
  - Bistå kvinnekontakter i LF med planlegging av årsplan for kvinnesatsing

## 2.1. Organisasjonsutvikling

**Målsetjing:** Organisasjonsutviklinga i NJFF skal bidra til: skulerte tillitsvalgte, gode aktivitetstilbod, rasjonell drift og attraktive medlemsfordelar.

### Oppgradering av tillitsvalgte i lokallaga

- Organisasjonskurs i Nordfjord / Sunnfjord (org.kontakt)

### Fortsetje med å gjere organisasjonen meir enhetleg

- ✓ Årsplan etter mal av arbeidsprogrammet til NJFF
- ✓ Profilering av fylkeslaget etter mal frå sentralt

### Opne / lukka lag og mønstervedtekte

- Prøve å påvirke fleire lag til å opne m.o.p. innmelding av medlemer.
- ✓ Informere lokallaga om mønstervedtektene

### Instruktørordning

- Bistå NJFF i ny instruktørordningar
- Få tak i organisasjonskontakter

### Gjennomføre vedtektsfesta arrangement

- ✓ Årsmøte
- ✓ Styremøter
- ✓ Leiarkonferanse

### Bedre kontakt fylkeslaget – lokallaga

- ✓ Fylkeslaget besøker lokallaga på årsmøter og andre møter / aktivitetar (kont – alle)
- Bistå lokallaga i planlegging og gjennomføring av lokale arrangement

### Oppgradering av kvinnekontaktordningane i LF

- ✓ Pådrivar for at fleire LF utnemner kvinnekontakt (kvinnekontakt / FS)

## 2.2. Rekruttering.

**Målsetjing:** Minst 3350 betalte medlemskap for år 2006.

### Tilrettelegge for medlemsverving i lokallaga

- Kvinnesatsing
  - Bistå LF med si kvinnesatsing, pkt. 1.3 (kvinnekontakt)
  - ✓ Fokus på kvinner i NJFF i alle ledd: medieomtale, aktivitetar etc.
  - ✓ Aktivitetar for kvinner, pkt. 1.3 (kvinnekontakt)
- Medlemsverving, vervesystem
  - ✓ Gjere lokallag og medlemer kjent med det sentrale vervesystemet via internett og medl.blad (kont. –FS)
  - ✓ Informere og motivere lokallaga til å bestille velkomstmapper til jegerprøvekandidatar (FS/ J.P instr.)
  - Tilrettelegge for at LF kan kontakte direktemedlemer for å verve dei til laget (okt – FS)

- ✓ Informere om aktivitetar som både LF og FL har: internett, andre org., skular
- Medlemsfordelar
  - ✓ Oppfordre lokallaga til å differensiere pris på aktivitetar (FS)
  - ✓ Differensiere pris for medlemmer / ikkje-medlemmer på kurs i fylkeslaget
- Vitalisering
  - Vitalisere sovande foreningar: Selje

### **Vestnorsk Villmarksmesse**

- ✓ Synleggjere organisasjonen under messa, kva står vi for, medlemsfordelar, kunnskap.

## **2.3. Barne- og ungdomsarbeid**

**Målsetjing:** Gje gode tilbod til barn og ungdom.

### **Integrere Fiskeklubben i aktivitetar både regionalt og lokalt**

- ✓ Informere om Fiskeklubben på fylkeslaget sine aktivitetar, bruke fiskeklubb-materiell
  - Oppfordra lokallaga til å bruke fiskeklubb-materiell på sine aktivitetar
- ✓ Hente inn informasjon over kva som skjer av barne- og ungdomsaktivitetar og gjere LF og barne- og ungdomsmedler, fiskeklubbmedlemmer og andre organisasjonar med barne- og ungdomsaktivitetar, kjendt med dette via personleg brev (vinter / vår –FS)
- ✓ Legge ut aktivitetar og arr. på internett og informere i info til lokallaga (kont –FS)

### **Følg opp for ”gamle” medlemmer i Fiskeklubben**

- Sende brev til medlemmer som går ut av Fiskeklubben om tilbod i lokallaga (FS)

### **Aktivitetar for born og ungdom**

- ✓ Villmarksleir under Vestnorsk Villmarksmesse 29-30. april. (ungdomsansvarleg)
- ✓ Fylkesleir for ungdom 9-11. juni, Nesholmen (ungdomsansvarleg)
- ✓ Friluftshelg i Hyen og / eller i Norddalsfjorden og/ eller Stryn.
- ✓ Leir 16 + juni / juli, villmarksleiren på Byrkjeneset ved Storevatnet, Hyen. (ungd.ansv.)
- ✓ Deltaking på aktivitetar i lokallaga

### **Sentral ungdomskonferanse**

- ✓ Få deltakar(ar) til sentral ungdomskonferanse

### **Samarbeid lokallag i mellom**

- Koordinere aktivitetar som LF kan arrangere i lag (ungdoms ansv.)
- Bistå LF med samarbeid om barne- og ungdomsaktivitetar (ungdoms ansv.)
- ✓ Samling for ungdomsansvarlege i LF og andre som jobbar med barn og ungdom: planlegge aktivitetar, praktisk nytte av det (vinter 06/07 – ungd.ansv)

### **Samarbeid andre organisasjonar**

- Delta på 4H sin fylkesleir med ein fiskeaktivitet (ungdomsansv./ FF):
- Delta på 4H sitt årsmøte om vi blir invitert (ungdomsansv.)
- ✓ Villmarksleir på villmarksmessa: alle org. i FNF inviterast til å delta

### **Premiering av godt ungdomsarbeid i LF**

- ✓ Godt ungdomsarbeid skal premierast av FL
- ✓ Innmelding og rapportering av aktivitetar på internett, med eiga barne- og ungdomsside, der ein samlar bileter etc. og korleis aktiviteten var
- Gjeld både rekruttering av nye skyttarar og aktivt arbeid / tilrettelegging av aktivitetar for barn og ung
- Heiderspris til den som har vore mest aktiv innanfor barne- og ungdomsarbeid

## **2.4. Informasjonsarbeid**

**Målsetjing:** NJFF sitt budskap skal nå ein større del av allmugen og beslutningstakarar på ulike nivå, og skal stimulere til auka interesse og forståing for jakt og fiske.

Informasjonsverksemda skal og stimulere til auka oppslutnad om organisasjonen.

### **Profilere NJFF / NJFF -Sogn og Fjordane vedr. utøving av jakt og fiske**

- ✓ Pressemeldingar : aktivitetar og arrangement, standpunkt vedr. forvaltning av jakt og fiske: villmarksleiren under villmarksmessa og Vestnorsk Villmarksmesse (mars), sjøaureprosjektet og sjøaurekonkurransar (april), fylkesleir for ungdom (mai), fisketur for jenter (mai), leir for 16 + (mai/juni), kurs sauereine hundar (aug.), småviltjakt og storviltjakt for jenter (august), viltseminar i Sogn, revejakkurs/ temakveld (nov-des), andre
- Brev til stortingspolitikarar, forvaltning



### **Internett**

- ✓ Oppdatere nettsida til fylkeslaget jevnleg (FS)
- ✓ Påverke NJFF til å tilrettelegge for lokale nettsider under deira heimeside (FS)
- ✓ Bruke internett til å synleggjere fylkeslaget sitt standpunkt i viktige saker og synleggjere fordelane til lokallaga og medlemene (alle)
- ✓ Marknadsføre fylkeslaget sine internetsider på annonser etc. (FS)


### **Interne informasjonsrutiner**

- ( ✓ ) Halde lokallaga løpande informert om aktuelle høyringar, med kopi til fagansvarleg i lokallaga
- ✓ Informere lokallag om stønadsordningar
- ✓ Sende ut info-skrivet frå fylkeslaget til lokallaga
- ( ✓ ) Medlemsblad "Jeger & Fisker" skal ut 2 gonger og vidareutviklast
- Bidra med stoff til Jakt & Fiske
  - ✓ Informere lokallaga om aktivitetar og satsingar frå sentralt og fylkeslaget, t.d sjøaureprosjektet, kvinnesatsing, villmarksmesse, landsmøte etc. (kont – FS)
- Synleggjere betre dei fordelane LF har av å vere tilslutta NJFF (kont – leiar)

# Medlemsutvikling 1996-2006







## ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR FISK

Siste arbeidsåret har vore sterkt prega av synfaringar og lesing av søknader om utbygging av småkraftverk. Dette tek ein uforholdsmessig stor del av den tida eg har til rådvelde for NJFF-arbeidet.

Det er ei stor utfordring å få lokallaga til å engasjere seg meir kring temaet, når det dukkar opp prosjektsøknader frå deira nærmiljø. Eg har lagt vinn på å vurdere eventuelle ulemper i høve til fiskeinteressene/ produksjonstilhøva i vassdraga, men og i den grad eg har sett slike-konflikttilhøve til viltinteressene. Spesielt det siste kan eg mindre om, og eg saknar kontakt med lokallaga i dette arbeidet. Eg har lagt meg på den tolkinga at dersom eg ikkje høyrer frå dykk, er det liten/ingen konflikt. Difor har eg samla saman nokre prosjekt til felles synfaringrundar vedrørande om lag 25 kraftverkssøknader. Desse rundane får vi dekkja av reisebudsjettet til FNF etter rekning.

Elles har og uroa kring forvaltninga av fiskerettane i Sunnfjord medført fleire møter med styret i FJFL, repr. frå forbundet sentralt og andre, utan at ein hittil har klart å finne veg ut av utføret.

Eg har møtt som NJFF sin repr. i rådet for Norsk Villakssenter i Lærdal på 3 møte, og det vert sikta mot å kome i gang med fagseminar ved villakssenteret att til hausten. Eg sit i programkomiteen for dette.

Eg har delteke på FNF-møte om kraftlinespørsmålet Ørskog – Fardal på Skei, Møte om EU's vassdirektiv i Bergen 31.01.06, Småkraftseminar i Haugesund den 3.10, og Fellesmøtet til FNF på Skei i November.

Eg deltok som utsending på NJFF sitt landsmøte på Hafjell, der vårt fylkeslag reiste 4 saker, og fekk gjennomslag for alle saman.

Eg deltok på den tradisjonelle og særskilte vellukka ungdomsleiren på Nesholmen, og på leiren i tilknytning til villmarksmessa i Førde.

Vi har inngått eit fagsamarbeid med fylkesmannen i Sogn og Fjordane, der vi skal kartleggje sjøaureressursen i aurebekkar som ikkje har vore undersøkte tidlegare. Vi har fått kr. 45 000 til prosjektet, som i første omgang skal gjennomførast i Høyanger, Flora og Stryn kommunar. Det er tanken å utvide prosjektet til og å omfatte andre aktuelle område- etter kvart som vi får utvikla erfaringsmateriale frå dette prosjektet.

Heilt på tampen av 2006, har vi fått førespurnad frå NINA om å få våre medlemmar til å medverke ved sportsfiskeinnsats for å fange sjøaure gjennom vinteren for å studere lusepåslaget i Sognefjorden frå inst til ytst. Prosjektet er under utvikling, og skal samordnast og gjennomførast over 3 ”intensive” fiskeperiodar. Fangstane skal frysast, oversendast til -og bearbeidast på lab. i Trondheim. Underteikna skal vere prosjektkoordinator. Dette er ei god praktisk oppfølging av forbundet si satsing på sjøauren i 2007, og vi dokumenterer ved vår deltaking også at vi tek ansvar for kunnskapsoppbygging - ikkje berre haustar av ressursen.

Seinhaustes har det og kome tilbod på utvikling av kart over gode sjøfiskeplassar for dei forskjellige fylka. NJFF –Oslo er allereie kome langt med prosjektet for indre Oslofjord. Det kan vere interessant at fylkeslaget organiserer innsamling av slike data gjennom våre lokallag, og at vi søker ekstern finansiering av trykking og distribusjon av det ferdige produktet, som

vil vere ein nyttig reiskap for fritidsfiskarar generelt. Dette prosjektet bør inn i vår langtidsplanlegging, og innsamling av grunnlagsmaterialet bør kunne gjennomførast i løpet av sommaren 2007, med sikte på å få fram kartproduktet til 2008-sesongen.

Eg deltek og i FOU prosjekt lokalt her i Daleelva, og har som miljøvernleiar i kommunen (no på heiltid) hand om desse problemstillingane for Høyanger kommune. Desse prosjekta vil bli rapporterte til tiltakshavarane, og både fylkesmannen, Høyanger Jakt og Fiskelag og truleg NJFF sentralt (fiskefondet) vil (saman med andre) eige rapportane, slik at røynslene ved prosjekta, vil bli spreidde til alle lokallag, etter kvart som sluttrapportane ligg føre. Reint formelt kan det fortone seg vanskeleg å skilje mellom dei forskjellige hattane eg har på til ei kvar tid- resultata og kunnskapar eg tillegner meg skal sjølvstøtt spreidast i organisasjonen.

Medieaktiviteten har vore liten siste sesongen - noko eg har fått rettmessig kritikk for. Tida strekk diverre ikkje til, men eg vil ta opp debatten omkring oppdrettsnæringa/rømming/luseproblematikk på nyåret.

Eg takker styret for godt samarbeid i året som gjekk. Stor takk til Reidun for stor innsats og god hjelp, og for at ho held meg litt i øyrene og hjelper meg med fristar (altfor mange av den sorten).

Avslutningsvis vil eg igjen så sterkt eg kan oppmode dykk alle om å melde frå om konfliktema de måtte oppleve i dykkar nærmiljø om planar for inngrep i vassdraga. Eg står gjerne til teneste ved utforming av høyringsfråsegner til sakene, men er avhengig av dykkar lokalkunnskap for at fråsegnene skal få eit fagleg reelt innhald - og dermed bli høyrde i større grad.

Skitt fiske, og velkomen til sjøaresatsing- både ved å fiske og habitatsstell i 2007-sesongen.

Med helsing  
Svein Arne Forfod  
- Fagleiar Fisk -

## ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR VILT

I 2006 året har vi hatt viltseminar i Balestrand, og trass i ganske dårlig oppmøte var det ett veldig interessant seminar. Vi hadde bl.a. en representant fra NJFF -Hedmark som fortalte om regionale fellingslag for rovvilt, og om ettersøk av skadet bjørn.

Her i Sogn og Fjordane har ikke dette så langt vært en problemstilling, men med den økende rovviltstammen vi har her i landet vil vi nok etter hvert merke dette mer og mer her i fylket og.

Skulle noen være interessert i kurs i ettersøk av skadet bjørn er det bare å ta kontakt da NJFF -Hedmark arrangerer dette noen ganger årlig.

Dette gjelder og kurs i bruk av hund under ettersøksarbeidet.

Sikkerhet under jaktutøvelse er noe vi i NJFF -Sogn og Fjordane vil sette litt ekstra fokus på i tiden framover.

I gjennomsnitt mister 2 personer livet i jaktulykker årlig i Norge, dette er 2 personer for mye.

Bruk av ”sikkerhetsklær” under jaktutøvelse er heller lite utbredt her på vestlandet, men brukes med godt resultat andre steder i landet.

I USA er det til og med påbudt i enkelte stater.

NJFF -Sogn og Fjordane har fått til ett samarbeide med Nor-team om medlems rabatt på sikkerhetsklær (se link på vår hjemmeside), håper dette tilbudet vil bli benyttet.

Rev og revejakt er og i fokus og kurs har blitt avholdt i 2006 og det er nye kurs klare i 2007, se kursplan på vår hjemmeside over hvor kursene skal være.

Ønsker alle våre medlemmer ett riktig godt nytt år, og det er bare å ta kontakt så prøver vi å hjelpe så godt det lar seg gjøre.

Med helsing  
Geir Haukaas  
- Fagleiar vilt -

## ÅRSMELDING FRÅ FAGLEIAR HUND

Treningsterrenget vi leiger på Thorsnesstølen på Gaularfjell vart for lite brukt i 2006. Det var dessverre også nokre som trena i terrenget utan å betale avgift.

Denne vinteren kan medlemene trene fram til 1\4 mot å bet. Kr.300 andre bet. Kr. 600.

Siste vinter var det mykje fugl i terrenget. Det var det ikkje i det terr. vi brukte under samlinga vi arrangerte 4-5\3. Deltakinga var også dårleg.

Apportkonkurransen vi arr. under messa i Førde var vellukka og godt dømd av Bjørn Monsen. Takk for jobben Bjørn!

Har ikkje fullgod statistikk, men om lag 20 fuglehundar frå Sogn og Fj. er premiært på prøve i 2006. Nokre fleire gonger.

Vi er framleis i positiv dialog med grunneigarane om leige av eit større terreng på Gaularfjell. Dette håpar vi å få avtale om snart.

Den ulovlege jakta og treninga som føregår i dette terrenget, kan øydelegge for framtidig leigeforhold. Det tek berre 10-15 minutt å kome inn til lovleg område.

Då eg har for lite kjennskap til kva som "rører seg" rundt om i fylket, har vi no oppretta fuglehundutval der desse er med:

Fagleiar hund Henning Skjalg Fureli – Eirik Forthun Arvid Holme – Einar Heggestad – Tore Bjørndal.

### Årsplan fuglehundutvalet 2007:

Trening Thorsnesstølen fram til 1\4

Vinter \ vår GPS kurs sentralt i fylket.

Mai \ juni Takseringskurs . Instruktør frå NJFF .

Thorsnesstølen utleigd til Norsk Gordonsetterklubb 26-28 \1.

Treningssamling Gaularfjell 2-4 \3----Fellestur til prøve på Ørskogfjell Møre 17-17 \3.

Utstilling Lone Camping Arna (VFK.) 5\5. Utstilling Ørskogfjellet 16\6.

Juni – juli Sommarsamling Apporttrening \ instruksjon.

Innføre premiering av Årets fuglehund i NJFF`SF. Premie til beste hund i UK-AK-VK.

Med helsing  
Henning Skjalg Fureli  
- Fagleiar Hund -

## ÅRSMELDING FRÅ UNGDOMSANSVARLEG

Fylkeslaget sitt barne- og ungdomsarbeid har i 2006 vorte gjennomført omtrent som tidlegare år, men med eit ekstra krafttak i samband med Vestnorsk Villmarksmesse. I år vart det satsa spesielt på ein "Villmarksleir for barn og unge" samt ein stor teiknekonkurranse for skular i heile fylket. Andre friluftsansvarlegorganisasjonar vart invitert med for å ha eit vidt fokus på kva vi i samarbeid kan tilby av aktivitetar. Vi føler at vi verkeleg fekk vist oss fram og hundrevis av ungar og ikkje minst foreldre, fekk ein smak av jakt, fiske og friluftsliv! Ein stor takk skal rettast til alle dei som var med å jobba dugnad. Utan dokke hadde det ikkje gått!

I juni vart det for femte gong arrangert leir for 12-15 åringar på Nesholmen. Det vart ein vellukka leir; med flott vêr, masse fisk, bading og mat på bål. Instruktørar frå ulike lokallag og frå 4H stiller opp kvar einaste gong. Tusen takk!

I samarbeid med FNF, Forum for natur og friluftsliv, prøvde vi 2 gongar i løpet av sommarhalvåret å arrangere ein ungdomsleir for dei litt eldre. Vi hadde eit veldig godt opplegg med mange spennande tilbod, men av ein eller annan grunn vart det ikkje nok påmeldte til å kunne arrangere denne leiren. Her lyt vi gå litt i tenkjeboksen for å finne ut kva som manglar for at ungdomane skal melde seg på. Vi vil prøve å arrangere ein liknande leir sommaren 2007, helst i Sogn ein stad.

Av andre ting som kan nemnast har fylkessekretæren vore med stand under Friluftshelga i Hyen, der barn/ungdom er den viktigaste målgruppa for oss. Ungdomsansvarleg har vore til Naustdal og sett korleis dei arrangerte Fiskesommar – konkurranse. Fisk fekk dei, og fine premiar var det både til små og store. Tone Jorunn Tveito og "Bruspulverblod" har også vitja fylket. Både på Sandane og i Sogndal fekk mange sjansen til å sjå eit flott show! Det var ca. 4-500 som besøkte dei 6 førestillingane!

Fylkeslaget har på fleire styremøte hatt oppe til diskusjon kva som skal til for å auke tilbodet til barn, ungdom og kvinner. Eit viktig moment er meir tilbakemeldingar frå dokke i lokallaga om kva vi i fylkeslaget kan gjere for å hjelpe til med i dette arbeidet. Oppfordring! Ei ringerunde viste at det vekslar veldig i kva aktivitetar dei ulike laga kan tilby, frå mange arrangement i året til null. Ei problemstilling som går att er vanskaner med å få folk til å ta på seg arbeid med barn og unge.

Som eit ledd i dette fokuset vart ungdomsansvarlege/kvinnekontaktar i lokallaga spesielt inviterte på leiarkonferansen i Balestrand. Dessverre var det berre nokre få lokallag som møtte opp. Årsakene til dette kan vere mange, men dersom de verkeleg ynskjer å gjere noko med barne- og ungdomsarbeidet tykkjer eg at de skal nytte slike sjansar til å kome saman. Det er utruleg viktig å få utveksle erfaringar og få nye impulsar, spesielt dersom arbeidet går litt tungt!! Vi satsar difor på å få til minst ei slik samling i 2007 også. Saman med andre spennande tiltak som er på trappene, (barne-/ungdomsarbeidar, skuleprosjekt m.m.) håpar eg det vert full fart i barne –og ungdomsarbeidet arbeidet i åra framover!

Ungdomsansvarleg takkar for seg!

Med helsing  
Torunn Rygg  
- Ungdomsansvarleg -

## ÅRSMELDING FRÅ KVINNEKONTAKTEN

20 mars 2006 overtok jeg som kvinnekontakt i NJFF -Sogn og Fjordane. Jeg visste ikke helt hva jeg gikk til.

21.-23. april deltok jeg på kvinnekontaktsamling på Skaret i Molde. Det var en flott samling med kvinnekontakter fra de fleste fylkene våre.

På denne samlingen ble det lagt fokus på etablering av nettverk, progresjon i arbeidet og strategi for videre innsats.

Vi hadde besøk av Ewa Klinspor fra forbundet Svännska Jägare förbundet i Sverige. Det var interessant. De er komt litt lengre enn oss så kanskje vi kan dra nytte av deres erfaring?

Vi håper på at etableringen av ny nettportal i NJFF i løpet av 2007 vil lette prosessen rundt å få registrere e-post adresser til kvinnelige medlemmer, og at man lettere kan etablere et samarbeid ut i laga. Kanskje vi kan få til et Nordisk samarbeid og.

Jeg hadde en ringerunde rundt til lederene i lagene i Sogn og Fjordane for å undersøke hvordan det sto til med kvinnekontakter rundt om. Det var nedslående. Jeg forstod at jeg hadde en vanskelig jobb framfor meg. Det er dessverre mange lag som viser liten forståelse for dette arbeidet. Jeg minner om at dette ligger inne som et satsingsområde fra NJFF.

Jeg hadde et innlegg om kvinner i NJFF på leiår og ungdomskonferansen den 24-25 november i Balestrand. Her var det dessverre liten deltaking så det var få som fikk høre dette.

Den 30. juni-2. juli ble det arrangert havfisketur for jenter med utgangspunkt fra Askrova. Det var både erfarne og uerfarne fiskere med. Været var fint og det ble et vellykket arrangement.

Den 5-7 oktober var det storviltjakt på elg for jenter på Gråberget i Finnskogen. Her var det fire damer med.

Det skulle også være småviltjakt for damer, men denne ble avlyst på grunn av liten påmelding.

Den 10-12 november deltok jeg på Landsmøte i Øyer. Her markerte kvinnene seg. Vi blir stadig flere og flere.

Den 2-4. februar deltok jeg på kvinnekontaktsamling igjen. Vi har nå kvinnekontakter i alle fylkene våre.

Jeg håper at jeg til neste år kan klare å vekke interessen for jakt og fiske blant flere jenter og at dette igjen kan virke til at vi får flere jenter inn i styrene våre

Med helsing  
Bente Skrede  
- kvinnekontakt-

## ÅRSMELDING FRÅ ORGANISASJONSKONTAKTEN

Organisasjonskontakten har ikkje vore i aktivitet i 2006.

Med helsing  
Kristin Halvorsen  
-organisasjonskontakt-

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR ETTERSØKSHUND

Etter at eg tok til i rolla som fylkesinstruktør ettersøk må eg berre beklage at det har skjedd lite, og at eg har hatt startvanskar på grunn av ulike årsaker. Eg føler meg noko usikker på oppgåva og når det gjeld kursmateriell er tilgangen mangelfull. Kvar enkelt er avhengig av eigne kursopplegg. Det har vore halde eit kurs for nye ettersøksekvipasjar i Hyllestad. Det vart lagt opp som eit nybyrjarkurs med vekt på korleis kome i gang med trening av ettersøkshund. I 2006 har aktiviteten på sporprøver vore om lag på same nivå som tidlegare år. Ei stor takk til alle eldsjelene som er i aktivitet for å få avvikla sporprøvene. Det er dette som gjev grunnlag for framtidig ettersøksarbeid.

### Årsplan 2007

I 2007 bør det haldast ei dommarsamling for dommarar som ønskjer å vere aktive, før sporprøvesesongen startar.

Oppgåva framover vert å gje tilbud om utdanning av ettersøksekvipasjar

Rundskriv frå DN Utøvelse av jakt, felling og fangst”

”Utdanning av kompetente hundeførere omfatter et videregående kurs i form av et helgekurs på fylkesnivå med egne kursinstruktører.

Målet med dette kurset er å utdanne høyt kvalifiserte førere av ettersøkshunder, det vil si profesjonelle ettersøkere.

Disse vil bli gitt en grundig innføring i faget ettersøksjakt og gjeldende regelverk”.

**Dette kurset er obligatorisk for alle som mot betaling tar på seg ettersøk eller stiller seg til disposisjon for offentlige myndigheter.**

Personer som har gjennomført dette kurset bør på sikt utgjøre kjernen i eit lokalt instruktørkorps. ”

Dette gjev utfordringar, så difor er planen å arrangere eit vidaregåande ettersøkskurs 20.-22. april.

Kurset vert halde i samarbeid med Norsk Schweisshundklubb som har utarbeidd kurset og stiller med fagleg dyktige instruktørar.

Det vart halde eit liknande kurs i Møre og Romsdal i fjor og det fekk svært positiv omtale

Med helsing

Lidvin Hage

- Komande fylkesinstruktør ettersøk -

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR JEGERPRØVE

Jegerprøveinstruktøren deltok på den årlege samlinga for fylkesinstruktørar i Stjørdal 1.-3. des.

På denne samlinga er ein av postane tilbakemelding frå Studieforbundet Natur og Miljø. Så langt er det ikkje avdekkja jegerprøvekurs i Sogn og Fjordane som bryt med regelverket. Dette syner at instruktørane i fylket gjere ein svært god jobb. Det er heller ikkje registrert kommersielle aktørar i jegerprøveavviklinga i fylket.

Det er nok fleire grunnar til dette. Eg vil understreke verdien av at lokale instruktørar samarbeider om kursa og fordeler øktene mellom seg. Dette aukar kvaliteten på kursa og styrker samarbeidet mellom instruktørane.

Eg ber om at alle lokallaga sjekkar dette før rapporten til Studieforbundet NM vert sendt etter avslutta kurs:

1. Ferdigmeldingane skal vise at jegerprøvekurset varte i 30 timar, verken meir eller mindre.
2. Hugs å skriv på klokkeslett for start og slutt under kvar dato. Det er ikkje nok å berre skrive timetal i sjølve datorubrikken.

Ved årsskiftet var det 79 godkjende instruktørar i Sogn og Fjordane.

Målet mitt har vore å bygge opp ei gruppe på minst 3 instruktørar i kvart lokallag for at dei skal kunne dele instruktøroppgåvene mellom seg. Dette opplegget fungerer der ein praktiserer det. Den nye jegerutdanninga på 30 t. set store krav til instruktørane både fagleg, pedagogisk og med omsyn til personleg tidsforbruk. Dei lokallag som har få instruktørar, kan oppleve at instruktørane grå trøytt. Tiltaket mot dette er å finne dyktige kandidatar i 2007 som er klar for opplæring i 2008. Eg har så langt berre fått melding om 2 som vil verte nye instruktørar.

DN har bestemt at oppdatering av eksisterande instruktørar skal skje i 2007.

Grunnen til dette er at det no er laga nytt undervisningsmateriel til jegerprøva.

Det nye materialet vert basert på meir bruk av pc og tilhøyrande verkty. På denne måten vert det også lettare å oppdatere materialet vi bruker i jegerprøva.

Avslutningsvis vil eg takke dei lokale instruktørane for godt arbeid i 2006.

Det er slik vi vil ha det.

### **Arbeidsprogram for Fylkesinstruktøren i jegerprøva 2007.**

\*\*\*\*\*

Det vert arrangert oppdateringskurs for eksisterande instruktørar 3.-4. februar og 3.-4. mars.

Fylkesinstruktøren vil delta på sentrale samlingar som må til for å sikre god oppdatering eller som styret i NJFF –Sogn og Fjordane bestemmer.

Med helsing  
Bjarne Huseklepp  
- Fylkesinstruktør Jegerprøve-

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR HAGLE

Underteikna gjennomførte i fjor vår kurset for ”Dommarar” og kurset ”Betre hableskot”, som var eit krav til å bli fylkes instruktør hagle, da eg ikkje hadde nokon av desse frå før. Kurset starta Fredag kveld 05.05.06 kl. 18.00, og avslutta Søndag 07.05.06. Åge-Walter Hansen var oppnemnt kurs instruktør. Kurset vart gjennomført (kort oppsummert) som følgjande:

- Fredag 05.05.06 (18.00 – 21.30), gjennomgang av kurset ”betre hableskot”
- Laurdag 06.05.06, praktisk del saman med dommaroppdatering i Gloppen. Forts. av kurset ”betre hableskot” og kurs for ”dommarar” etter heimkomst til kl. 20.00
- Søndag 07.06.06 (09.00 – 14.00) Gjennomgang av skytebane instruksar, samt kursopplegg for dommarar. Eksamen med 30 spørsmål.

Etter kurset har vi prøvd å få til eit oppdaterings kurs før dommarar, der flest mulige dommarar frå dei einskilde klubbane kunne være med, men det har ikkje vore den heilt store responsen på dette, så det vart ikkje arrangert oppdaterings kurs i 2006. Vil prøve å få til eit eller fleire slike kurs før sesongstart i år.

Første helga i desember 2006, vart det arrangert ei samling for fylkesinstruktørar i Trøndelag, men pga. arbeidssituasjonen min kunne eg ikkje delta der. Har heller ikkje fått nokon tilbakemelding på kva som kom ut av denne samlinga.

Målsettinga for 2007 er å få oppdatert alle dommarane i fylket før sesongstart. Vidare har fylkeslaget utarbeida eit forslag til strategiplan fram til 2009. Denne planen inneheld ein del som går direkte på jakttskyting, der rekruttering og auka aktivitet er hovudpunkta. Denne planen er pr. skriven dato ikkje ferdig ”spikra”, men etter det forslaget som føreligg, har eg stor tru på at dette er vegen å gå, og at ein allereie i år gjerne vil sjå resultat. Meir info om dette kjem etterkvart.

### Aktivitetar 2007.

- Oppdateringskurs for jegertrapdommarar.
- Haglekurs etter behov.

Med helsing  
Olav Årskaug  
- Fylkesinstruktør hagle -

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESINSTRUKTØR AVERSJONSDRESSUR

Fylkesinstruktør elektrisk aversjonsdressur har ikkje levert årsmelding

Bjørn Monsen  
-Fylkesinstruktør Aversjonsdressur-

## ÅRSMELDING FRÅ FYLKESSEKRETÆR

2006 var eit nytt messeår og mykje av mi arbeidstid det første halvåret gjekk til dette. Arrangørlaga Førde jfl, Flora jfl og Naustdal jfl gjorde ein kjempeinnsats og fekk saman med fylkeslaget gjennomført ei vellukka messe arrangementsmessig. Villmarksleiren var eit populært innslag på messa som gleda mange barn. Her var det fleire FNF organisasjonar var med å arrangerte, eit godt samarbeid som vi bør vidareføre. Her gjorde også FNF-kontakt Astrid Eliassen ein fin jobb som koordinator. Å ha ein slik koordinator i fylket gjev gode resultat for alle friluftorganisasjonane, og fører til eit godt samarbeid.

Det var mange fine arrangement rundt om i fylket vårt i fjor, blant anna hadde Sogn og Fjordane flest lag som var med på sjøaurekonkurransen i april. Elles var det mange aktivitetar til både det vanlege medlem og dei yngre. Medlemstalet totalt i fylket vårt har likevel igjen gått nedover, og det er naudsynt for fylkeslaget å prøve å medverke til at lokallaga aukar medlemsmassen sin og skapar aktivitetar og giv i laga, der det er ønske om det.

Dei fleste laga våre hadde ein liten nedgang i medlemstal, men nokre lag opplevde ein fin framgang, blant anna Fjaler jsfl, Vik jfl, Leikanger jfl og Eid jfl. Desse laga har også gode tall når det gjeld yngre medlemmer, og barne-og ungdomssatsinga syner att.

NJFF sentralt sine satsingar på jenter og barn og ungdom, ynskjer vi å følgje opp på ein god måte på fylkesnivå og eg vonar lokallaga ser verdiane i desse to satsingsområda også og vil ta i eit tak. Det som kanskje er mest problematisk å følgje opp er nok kvinnesatsinga. Det er kanskje vanskeleg å sjå heilt grunnen til at vi skal ha kvinnesatsing, men blant anna undersøkingar frå NINA som er gjort på jegerprøvekandidatar som ikkje jaktar etterpå, syner at jenter har ein høgare terskel for å gå på jakt og ynskjer spesiell oppfølging og meir kunnskap. Her er det lokallaga våre kjem inn med sine erfaringar og sin kompetanse!

Vårt slagord er framleis "Jakt- og fiskeglede til alle – for alltid !", men vi har også fått eit nytt: "Vi gjer deg til ein betre jeger og fiskar!" Hugs det, det er de i lokallaga som sit med årelange erfaringar og kunnskapar om jakt og fiske.

Med helsing  
Reidun Solberg Seim  
-Fylkessekretær-

### **Kontorutstyr som NJFF – Sogn og Fjordane eig pr. 31.12.06**

1 datamaskin (pc)	Siemens	2004	(Reidun)
1 bærbar PC	Acer	2006	(Reidun)
1 telefaks	Lanier 4100	1997	(Reidun)
1 kopimaskin	Nashuatec D420	1997	(Reidun)
1 ISDN telefon	DORO bisy	1999	(Reidun)
1 Mobiltelefon	Nokia	2006	(Reidun)

Elektrisk Dressurhalsband

Målegevær

2 hagler

2 rifler

Gigant-lavvo (70 m2), 8-manns lavvo

#### Utstyr i tilhenger:

Skaphengar, 2000

10 sett flugestenger, 2000

10 sett flugebindarutstyr, 2000

10 teleskopstenger utan snelle, 2000, 10 iskfiskesett + isbor m.m. 2005

7 ferskvasstenger

Mink - og mårfeller

30 flytevestar

2 slagfeller til rev

10 stk. kompass

Ymse

Fylkeslaget eig også 1/3 i ”skiljeveggane” som vart laga til Villmarksmessa i Stryn 1997 + dei i Førde.

# Resultatregnskap 2006

## NJFF Sogn og Fjordane

Realisert 2006					Budsjett 2006			
Inntekter					Inntekter		+/ -	
3200	3021	Salg-/Reklame (Transporthenger)	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
3220	3010	Salg-/Effekter	Kr.	12 038,00	Kr.	10 000,00	Kr.	2 038,00
3240		Salg-/Kursmateriell	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
3290		Salg-/Andre Inntekter	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
3301	3201	NJFF-/Variabel Refusjon	Kr.	43 911,30	Kr.	46 000,00	Kr.	-2 088,70
3302	3204	NJFF-/Kont. Fast Grunnbeløp	Kr.	24 333,00	Kr.	23 000,00	Kr.	1 333,00
3303	3204	NJFF-/Kont. Kom. Andel	Kr.	24 354,00	Kr.	23 000,00	Kr.	1 354,00
3304	3206	NJFF-/Kont. Landsmøtet	Kr.	9 460,98	Kr.	10 000,00	Kr.	-539,02
3305	3207	NJFF-/Kont. Lokale Arr.	Kr.	6 338,88	Kr.	6 000,00	Kr.	338,88
3306	3208	NJFF-/Kont. Ungd.Satsing	Kr.	15 752,54	Kr.	10 000,00	Kr.	5 752,54
3307	3209	NJFF-/Kont. Medl.Avis	Kr.	15 752,54	Kr.	15 000,00	Kr.	752,54
3308	3210	NJFF-/Kont. Kontordrift	Kr.	47 304,95	Kr.	48 000,00	Kr.	-695,05
3309		NJFF-/Refusjon Porto/Adm.Utgifter	Kr.	0,00	Kr.	500,00	Kr.	-500,00
3310		NJFF-/Refusjon Fiske/Villm.Camp	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
3311		NJFF-/Refusjon Merverdiavgift	Kr.	7 117,00	Kr.	8 000,00	Kr.	-883,00
3390	3200	NJFF-/Tilskudd/Refusjon/Andre Bidrag	Kr.	6 101,00	Kr.	3 000,00	Kr.	3 101,00
3400		Adm.-/Inntekter	Kr.	1 600,00	Kr.	1 000,00	Kr.	600,00
3410	3205	Tilskudd-/Fylkessekretær	Kr.	10 000,00	Kr.	0,00	Kr.	10 000,00
3440	3240	Arrangement-/Studietiltak	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
3470	3371	Arrangement-/Friluftsløper	Kr.	8 538,75	Kr.	20 000,00	Kr.	-11 461,25
3473	3374	Kurs-/Jervejakt	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
3474	3375	Tilskudd-/Driftsplanarbeid	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
3475	3376	Tilskudd-/FNF/Ettersøksråd	Kr.	2 586,00	Kr.	0,00	Kr.	2 586,00
3476	3377	Tilskudd-/Medlemsavis	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
3477	3378	Kurs-/Fellefangst	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
3479		Kurs-/Jegerprøven/Instruktør	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
3480		Arrangement-/Jakt-/Fiskeseminar	Kr.	40 000,00	Kr.	30 000,00	Kr.	10 000,00
3481		Arrangement-/Leiarikonferanse	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
3482		Arrangement-/Hund	Kr.	8 400,00	Kr.	3 000,00	Kr.	5 400,00
3483		Tilskudd-/Kultivering	Kr.	45 000,00	Kr.	30 000,00	Kr.	15 000,00
3484		Kurs-/Partering	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
3485		Kurs-/Hagle/Dommer/Instruktør	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
3486		Tilskudd-/Kvinnekontakt	Kr.	16 000,00	Kr.	15 000,00	Kr.	1 000,00
3488		Tilskudd-/Ungdom	Kr.	21 427,00	Kr.	10 000,00	Kr.	11 427,00
3490	3570	Tilskudd-/Andre Inntekter	Kr.	37 051,00	Kr.	0,00	Kr.	37 051,00
3500	3800	Kurs-/Avgift	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
3510	3610	Arrangement-/Villmarksmesse	Kr.	15 682,90	Kr.	100 000,00	Kr.	-84 317,10
3520	3901	Arrangement-/Lotteri	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
3540		Arrangement-/Avgift	Kr.	35 400,00	Kr.	45 000,00	Kr.	-9 600,00
3590	3960	Arrangement-/Andre Inntekter	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
3990	3990	Drift-/Andre Inntekter	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
8030	8010	Rente-/Inntekter	Kr.	2 159,00	Kr.	1 000,00	Kr.	1 159,00
8070	8090	Finans-/Andre Inntekter	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
8400		Ekstraordinære-/Inntekter	Kr.	95 250,00	Kr.	5 000,00	Kr.	90 250,00
Utgifter					Utgifter		+/ -	
4300	4650	Varer-/Innkjøp Effekter	Kr.	16 266,75	Kr.	10 000,00	Kr.	-6 266,75
4310	4600	Kurs-/Materiell Interne	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
4320	6400	Kurs-/Materiell Eksterne	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
4330		Varer-/Materiell/Utstyr	Kr.	10 682,28	Kr.	10 500,00	Kr.	-182,28
4360		Frakt-/Kostnader	Kr.	5 000,00	Kr.	500,00	Kr.	-4 500,00
4390	4730	Varer-/Andre Kostnader	Kr.	12 211,20	Kr.	500,00	Kr.	-11 711,20
4500	6100	Fremmedtjeler-/Konsulentarb.	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
5210		Godtgjørelse-/Telefon	Kr.	5 700,00	Kr.	7 600,00	Kr.	1 900,00
5250		Godtgjørelse-/Tapt Arb.fortj.	Kr.	3 780,00	Kr.	3 500,00	Kr.	-280,00
5900		Gaver-/Tillitsvalgte/Andre	Kr.	7 028,63	Kr.	8 000,00	Kr.	971,37
6300	4600	Kurs-/Drift og Adm. Interne	Kr.	0,00	Kr.	10 000,00	Kr.	10 000,00
6310	6400	Kurs-/Drift og Adm. Eksterne	Kr.	0,00	Kr.	2 500,00	Kr.	2 500,00
6440		Leie-/Transport/Anlegg	Kr.	300,00	Kr.	1 500,00	Kr.	1 200,00
6470	6215	Leie-/Kontor Fylkessekretær	Kr.	24 000,00	Kr.	24 000,00	Kr.	0,00
6590	4990	Drift-/Andre Kostnader	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
6600	6899	Arrangement-/Villmarksmessen	Kr.	15 639,90	Kr.	25 000,00	Kr.	9 360,10
6610		Arrangement-/Lokale/Profil.	Kr.	0,00	Kr.	1 000,00	Kr.	1 000,00
6620	7002	Arrangement-/Friluftsløper	Kr.	26 162,65	Kr.	20 000,00	Kr.	-6 162,65

6630	6600	Arrangement-/Premier/Gevinster	Kr.	5 000,00	Kr.	12 000,00	Kr.	7 000,00
6640		Arrangement-/Loteri Kostnader	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
6650		Arrangement-/Hund	Kr.	2 400,00	Kr.	7 000,00	Kr.	4 600,00
6690	6600	Arrangement-/Andre Kostnader	Kr.	1 112,50	Kr.	4 500,00	Kr.	3 387,50
6710		Drift-/Kultivering	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
6810		Data-/Maskiner/Utstyr	Kr.	10 158,75	Kr.	5 000,00	Kr.	-5 158,75
6811		Data-/Vedlikehold	Kr.	3 397,50	Kr.	3 000,00	Kr.	-397,50
6812		Data-/Programvare	Kr.	0,00	Kr.	1 000,00	Kr.	1 000,00
6820	6220	Adm.-/Kontormatr./Inventar	Kr.	1 862,50	Kr.	3 500,00	Kr.	1 637,50
6830	6715	Adm.-/Vedlikehold	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
6840	6860	Adm.-/Aviser/Tidsskrifter	Kr.	5 240,00	Kr.	3 500,00	Kr.	-1 740,00
6850	6820	Adm.-/Faglitteratur/Bøker	Kr.	808,36	Kr.	0,00	Kr.	-808,36
6860	6700	Adm.-/Kontorrekvisita	Kr.	4 980,52	Kr.	6 000,00	Kr.	1 019,48
6870	6750	Adm.-/Kopiering	Kr.	0,00	Kr.	1 500,00	Kr.	1 500,00
6880	6830	Adm.-/Trykkeritjenester	Kr.	11 082,50	Kr.	4 000,00	Kr.	-7 082,50
6890		Adm.-/Andre Kostnader	Kr.	0,00	Kr.	500,00	Kr.	500,00
6900	6850	Tele-/Internett/Telefon/Faks	Kr.	22 240,19	Kr.	18 000,00	Kr.	-4 240,19
6910	6950	Gebyr-/Bank etc.	Kr.	2 542,25	Kr.	1 500,00	Kr.	-1 042,25
6940	6800	Porto-/Post/Brev etc.	Kr.	3 982,00	Kr.	30 000,00	Kr.	26 018,00
7100	6006	Opphold-/Servering Eksterne	Kr.	7 990,00	Kr.	15 000,00	Kr.	7 010,00
7110	5900	Opphold-/Servering Interne	Kr.	32 525,00	Kr.	15 000,00	Kr.	-17 525,00
7120	5950	Reise-/Klippekort Bomavgift	Kr.	0,00	Kr.	2 500,00	Kr.	2 500,00
7125	5950	Reise-/Klippekort Ferjer	Kr.	0,00	Kr.	2 500,00	Kr.	2 500,00
7130	5800	Reise-/Kjøregodtgjørelse	Kr.	91 446,50	Kr.	25 000,00	Kr.	-66 446,50
7150	6020	Reise-/Arrangement	Kr.	22 464,81	Kr.	5 000,00	Kr.	-17 464,81
7310	6725	Annonse-/Annonse Kostnader	Kr.	25 080,75	Kr.	15 000,00	Kr.	-10 080,75
7500	6520	Forsikring-/Forsikringspremier	Kr.	3 625,00	Kr.	0,00	Kr.	-3 625,00
7700	6000	Møter-/Styremøte/Servering	Kr.	9 070,00	Kr.	15 000,00	Kr.	5 930,00
7710		Møter-/Seminar	Kr.	0,00	Kr.	70 000,00	Kr.	70 000,00
7720		Møter-/Ettersøksrådet	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
7820		Arrangement-/Foreleser	Kr.	0,00	Kr.	1 000,00	Kr.	1 000,00
8130	8110	Rente-/Kostnader	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
8170		Finans-/Andre Kostnader	Kr.	0,00	Kr.	0,00	Kr.	0,00
8500		Ekstraordinære-/Kostnader	Kr.	95 300,00	Kr.	5 000,00	Kr.	-90 300,00
<b>Sum Inntekter-/Utgifter</b>			Kr.	551 558,84	Kr.	462 500,00	Kr.	396 600,00
<b>ÅRSRESULTAT Under/Overskudd</b>			Kr.	USANN	Kr.	USANN	Kr.	65 900,00
<b>Balance</b>			Kr.	551 558,84	Kr.	462 500,00	Kr.	462 500,00

Kortsiktig Gjeld/Midler Avsatt 2006			
2810	2820	Midler-/Avsatt Kultivering	Kr. 0,00
2811	2825	Midler-/Avsatt Kurs Jervejakt	Kr. 0,00
2813	2875	Midler-/Avsatt Kurs Partering	Kr. 0,00
2831	2832	Midler-/Avsatt Ettersøksrådet	Kr. 0,00
2840	2840	Midler-/Avsatt Landsmøtet	Kr. 0,00
2841	2836	Midler-/Avsatt Underv.prosjektet	Kr. 0,00
<b>Sum</b>			Kr. 0,00

Anleggsmidler pr. 31.12.2006			
1320		Lån Vestnorsk Villmarksmesse	Kr. 0,00
<b>Sum</b>			Kr. 0,00

Saldo Reskonto pr. 31.12.2006			+/
1510	1210	Fordringer-/Kunder	Kr. 26 500,00
2410	2010	Gjeld-/Leverandører	Kr. -90 105,28
<b>Sum</b>			Kr. -63 605,28

Saldo Varelager pr. 31.12.2006			
1460	1090	Varer-/Varelager Effekter 2000	Kr. 27 000,00
1460	1090	Varer-/Varelager Effekter 2001	Kr. 25 742,00
1460	1090	Varer-/Varelager Effekter 2002	Kr. 33 369,00
1460	1090	Varer-/Varelager Effekter 2003	Kr. 39 277,00
1460	1090	Varer-/Varelager Effekter 2004	Kr. 37 761,00
1460	1090	Varer-/Varelager Effekter 2005	Kr. 34 415,00
1460	1090	Varer-/Varelager Effekter 2006	Kr. 34 202,00
<b>Sum</b>			Kr. 34 415,00

Saldo Bank/Kasse pr. 31.12.2006			
1900		Kontanter-/Kasse	Kr. 0,00
1920	1030	Bankkonto-/3710.11.42737	Kr. 351 563,01
1930	1040	Kapitalkonto-/3710.11.98201	Kr. 68 429,35
<b>Sum</b>			Kr. 419 992,36

# Resultatregnskap 2006

## Vestnorsk Villmarksmesse

Inntekter				
3000	Salg-/Inntekter Avg.Pliktige	Kr.	0,00	
3010	Salg-/Annonser MVA	Kr.	131 799,75	
3020	Salg-/Kafé MVA	Kr.	1 115,00	
3030	Salg-/Standutleie MVA	Kr.	155 918,75	
3040	Salg-/Reklame MVA	Kr.	0,00	
3050	Salg-/Auksjon MVA	Kr.	0,00	
3090	Salg-/Andre Inntekter MVA	Kr.	0,00	
3200	Salg-/Billetter	Kr.	164 558,00	
3210	Salg-/Auksjon	Kr.	0,00	
3220	Salg-/Reklame	Kr.	0,00	
3230	Salg-/Friluftsløp/Villmarksleir	Kr.	0,00	
3250	Tilskudd-/Kulturmidler	Kr.	35 000,00	
3260	Sponsor-/Inntekter	Kr.	0,00	
3270	Arrangement-/Villmarksmessen	Kr.	0,00	
3271	Arrangementavgift-/Gevirutstilling	Kr.	10 500,00	
3272	Arrangementavgift-/Hundeutstilling	Kr.	0,00	
3273	Arrangementavgift-/Pilkast	Kr.	0,00	
3274	Arrangementavgift-/Skyting	Kr.	0,00	
3290	Arrangement-/Andre Inntekter	Kr.	0,00	
3291	Tilskudd-/Andre Bidrag	Kr.	500,00	
3990	Drift-/Andre Inntekter	Kr.	2 795,00	
3991	Drift-/Andre Inntekter MVA	Kr.	0,00	
8030	Rente-/Inntekter	Kr.	298,00	
8070	Finans-/Andre Inntekter	Kr.	0,00	
8400	Ekstraordinære-/Inntekter	Kr.	20 000,00	

Utgifter				
4310	Varer-/Mat Kjøkken	Kr.	0,00	
4311	Varer-/Mat Kjøkken MVA	Kr.	0,00	
4320	Varer-/Materiell Kjøkken MVA	Kr.	2 420,58	
4330	Varer-/Mineralvann MVA	Kr.	0,00	
4340	Varer-/Kafe Kjøkken MVA	Kr.	0,00	
4360	Frakt-/Kostnader MVA	Kr.	8 693,60	
4390	Varer-/Andre Kostnader	Kr.	2 255,87	
4500	Fremmedytelser-/Konsulentarbeid	Kr.	1 876,00	
5250	Godtgjørelse-/Tapt Arb.fortjeneste	Kr.	0,00	
5900	Gaver-/Premier	Kr.	293,75	
6200	Drift-/Materiell MVA	Kr.	28 508,58	
6310	Avgift-/Søppel	Kr.	0,00	
6320	Avgift-/Renovasjon	Kr.	0,00	
6430	Leie-/Høytaleranlegg	Kr.	0,00	
6440	Leie-/Transportmidler MVA	Kr.	0,00	
6450	Leie-/Hall MVA	Kr.	35 000,00	
6460	Leie-/Stoler/Bord	Kr.	0,00	
6470	Leie-/Grusbane	Kr.	0,00	
6490	Leie-/Andre Kostnader	Kr.	7 092,50	
6491	Leie-/Andre Kostnader MVA	Kr.	2 560,00	
6590	Drift-/Andre Kostnader	Kr.	12 950,00	
6600	Arrangement-/Partering MVA	Kr.	10 250,00	
6610	Arrangement-/Auksjon	Kr.	0,00	
6620	Arrangement-/Konferansier	Kr.	0,00	
6630	Arrangement-/Premier MVA	Kr.	0,00	
6640	Arrangement-/Friluftsløp/Villmarksleir	Kr.	35 142,38	
6650	Arrangement-/Gevirutstilling	Kr.	4 500,00	
6660	Arrangement-/Fiskedam	Kr.	0,00	
6670	Arrangement-/Vakt/Førstehjelp	Kr.	0,00	
6680	Arrangement-/Kulturhistorisk Utstilling	Kr.	0,00	
6690	Arrangement-/Andre Kostnader	Kr.	0,00	
6691	Arrangement-/Andre Kostnader MVA	Kr.	0,00	
6810	Data-/Maskiner/Utstyr MVA	Kr.	0,00	
6811	Data-/Vedlikehold MVA	Kr.	0,00	
6812	Data-/Programvare MVA	Kr.	0,00	
6820	Adm.-/Kontormateriell	Kr.	0,00	

6830	Adm.-/Vedlikehold MVA	Kr.	0,00
6860	Adm.-/Kontorrekvisita MVA	Kr.	0,00
6870	Adm.-/Kopiering MVA	Kr.	0,00
6880	Adm.-/Billetter MVA	Kr.	0,00
6881	Adm.-/Reklame/Folder MVA	Kr.	115 087,50
6882	Adm.-/Program MVA	Kr.	0,00
6883	Adm.-/Kongresskilt MVA	Kr.	2 859,43
6884	Adm.-/Konvolutter/Brevark MVA	Kr.	0,00
6890	Adm.-/Andre Kostnader	Kr.	0,00
6900	Tele-/Teletjenester MVA	Kr.	0,00
6940	Porto-/Post/Brev etc. MVA	Kr.	57 191,62
7010	Kjøretøy-/Transporthenger	Kr.	0,00
7020	Kjøretøy-/Vedlikehold	Kr.	0,00
7100	Reise-/Opphold Eksterne	Kr.	6 158,40
7110	Reise-/Opphold Interne	Kr.	0,00
7120	Reise-/Klippekort Bomavgift	Kr.	0,00
7130	Reise-/Kostnader	Kr.	0,00
7140	Reise-/Kjøregodtgjørelse	Kr.	19 427,00
7310	Annonse-/Kostnader MVA	Kr.	22 800,00
7320	Reklame-/Kostnader MVA	Kr.	0,00
7500	Forsikring-/Forsikringspremier	Kr.	1 073,00
7510	Forsikring-/Egenandel	Kr.	0,00
7700	Møter-/Arrangementkomite MVA	Kr.	612,50
7770	Gebyr-/Bank etc.	Kr.	566,00
7810	Arrangement-/Servering MVA	Kr.	6 483,44
7811	Arrangement-/Opphold	Kr.	16 627,00
8130	Rente-/Kostnader	Kr.	0,00
8170	Finans-/Andre Kostnader	Kr.	0,00
8500	Ekstraordinære-/Kostnader	Kr.	104 500,90
<b>Sum Inntekter-/Utgifter</b>		Kr.	522 484,50
<b>ÅRSRESULTAT Under-/Overskudd</b>		Kr.	<b>USANN</b>
<b>Balanse</b>		Kr.	522 484,50

Kortsiktig Gjeld/Midler Avsatt 2006			
2740	Midler-/Avsatt Fylkesskattesjefen	Kr.	2 312,00
2800	Midler-/Avsatt Utbytte	Kr.	0,00
<b>Sum</b>		Kr.	<b>2 312,00</b>

Overført-/Annen Egenkapital			
8920	Overført-/Avsatt Utbytte	Kr.	0,00
<b>Sum</b>		Kr.	<b>0,00</b>

MVA - Fylkesskattekontoret pr. 31.12.2006		+/-	
2700	Utgående MVA 24%	Kr.	-54 871,97
2710	Inngående MVA 24%	Kr.	55 360,37
<b>Sum - MVA A Betale / Til Gode</b>		Kr.	<b>488,40</b>

Saldo Reskontro pr. 31.12.2006		+/-	
1500	Fordringer-/Kunder	Kr.	10 981,00
2400	Gjeld-/Leverandører	Kr.	-20 000,00
<b>Sum</b>		Kr.	<b>-9 019,00</b>

Saldo Varelager pr. 31.12.2006			
1460	Varer-/Varelager Effekter	Kr.	0,00
<b>Sum</b>		Kr.	<b>0,00</b>

Saldo Bank/Kasse pr. 31.12.2006			
1900	Kontanter-/Kasse	Kr.	0,00
1920	Bankkonto-/37050547397	Kr.	26 592,45
1930	Kapitalkonto-/	Kr.	0,00
<b>Sum</b>		Kr.	<b>26 592,45</b>

# Norges Jeger- og Fiskerforbund -Sogn og Fjordane



## Årsplan for 2007

FF = Fagleiar Fisk  
 FV = Fagleiar Vilt  
 FH = Fagleiar Hund  
 KK = Kvinnekontakt  
 UA = Ungdomsansvarleg  
 FS = Fylkessekretær  
 FL = Fylkeslaget  
 LF = Lokallaga  
 FM = Fylkesmannen

### Satsingsområder:

- 1.1 Sikre naturgrunnet som vilkår for jakt og fiske.**
- 1.2 Sikre og vidareutvikle ålmenta si tilgjenge til jakt og fiske.**
- 1.3 Sikre jakt- og fiskeutøving som ein naturleg del av det tradisjonelle haustingsbaserte friluftslivet.**
- 2.1 Organisasjonsutviklinga i NJFF skal bidra til skulerte skulerte tillitsvalgte, gode aktivitetstilbod, rasjonell drift og attraktive medlemsfordelar.**
- 2.2 Rekruttering med vekt på ungdom og kvinner**
- 2.3 Gje gode tilbod til barn og ungdom.**
- 2.4 Informasjonsarbeid slik at NJFF sitt budskap skal nå ein større del av allmugen og beslutningstakarar, og stimulere til auka interesse og forståing for jakt og fiske, og stimulere til auka oppslutnad om organisasjonen.**

## Jakt og forvaltning

<b>Opplæring</b>	Hjortejakt		Gaularfjellet	FV / FH
	Fellingslag i Luster: koord. kurs ettersøk bjørn	10-13. Mai	Dæsbekken	FS
	Kurs i jervejakt	september	Sogndal?	FS
	Foredrag om gaupejakt	3. mars	Luster	FS
	Kurs i taksering småvilt	mai	Gaularfjellet	FH
	Vidaregåande kurs ettersøk	20.-22.april	Sande	Ettersøk
	Kurs nye ettersøksjegerar			Ettersøk
	GPS-kurs	mars	Førde	FH
	Tilbod til jegerprøvekandidatar	Mars		FV / FS
<b>Jegerprøve</b>	Fase III j.p.instruktørar	3.-4. februar	Førde	J.P. instr.
	Fase III j.p.instruktørar	3.-4. mars	Sogndal	J.P. instr.
<b>Jakthund</b>	Treningsterreng fuglehundar	01.01-01.04	Gaularfjellet	FH
	Treningsterreng, møte prøve innføre	10.febr.	Stryn	FH
	Treningssamling ståande fugleh.	2.-4. mars	Gaularfjellet	FH
	Fellestur prøve Ørskogfjell	17-18.mars	Møre	FH
	Fellestur hundeutstilling	5. mai	Arna	FH
	Fellestur hundeutstilling	16. juni	Ørskogfjell	FH
	Sommarsamling apporttrening, instruksjon	juni/juli		FH
	Kåre årets fuglehund i NJFF -S&Fj			FH
	Kartlegge status ettersøksarb. S&F	kont		Ettersøk
	Halde oversikt over ettersøksekv./instr.	kont		Ettersøk
	Bistå terminfesta sporprøver			Ettersøk
	Hundelov: informere LF			Ettersøk

<b>Rovvilt</b>	Deltakar kontaktutvalet for rovvilt	Møte april	Leikanger	FS
		Møte haust	Leikanger	FS
	Møte rovviltnemda Gaupetaksering om SNO ynskjer	30.jan vinter	Bergen Fjaler, Luster?	FS
<b>Hjortevilt</b>	Arbeidsseminar kommunane Merkeprosjekt hjort: møter, nettside	20-21. Mars 05.jan	Førde	FV (og FS?) Ove B, FS
<b>Småvilt</b>	Kart småviltjakt	kont.		FV/FS
<b>Kystsel</b>	Utvide grensene for jakt Bestandsregistrering ?	februar		FS?
<b>Skyting</b>	Oppdateringskurs jegertrapdommarar Instruktørkurs hagle Utarb. hefte med info om banebygging, tilskot etc. Tilbod på skot, leirduer Koordinere skytestevner Lage plan for rekruttering Open dag på min. 2 skytestevner Etablere jaktskytecup			Hagleinstr. Hagleinstr. Hagleinstr. Hagleinstr. Hagleinstr. Hagleinstr. Hagleinstr.
<b>Samarbeid FM</b>	Tildeling viltfondsmidler	mars		FV
<b>Sikkerheit</b>	Rabatt på sikkerheitsbekledning Gratis band til alle medlemer			FV FV
<b>Høyringar</b>	Kraftline Ørskog - Fardal Kraftline Sande – Høyanger			FF FF
<b>Framleige</b>	Deltakar utmarksbasert reiseliv. Reiselivskonferanse	kont. 27. febr.	Førde Førde	FS FV, FF, FS

## Fiske og forvaltning

<b>Fiskekort- ordning</b>	Be sportsfiskeutvalet utarbeide fiskekortordningar i NJFF regi	januar		FS
<b>Kraftsaker</b>	Halde oversikt på nettet Oppfordre LF til å ta kontakt i kraftsaker	kont. kont.		FS FF/FV/FS
	Fiskeseminar	24.-25.nov.	Førde	FF
<b>Samarbeid FM</b>	Tildeling fiskefondsmidler	mars		FF
<b>Sjøaure</b>	Bistå NINA i å fange sjøaure gj. vinteren for å studere lusepåslag.	kont.	Sognefjorden	FF

	Kartlege sjøaureressursen i aurebekkar som ikkje tidlegare er undersøkt (samarb. FM).	kont.	Høyanger, Flora, Stryn/Hornindal	FF
	FOU prosjekt	kont.	Daleelva	FF
	Sjørret 2007. Bistand LF	til start	Heile fylket	FS
<b>Villaks</b>	Deltakar lakserådet. Møter			FF
	Villaksseminar (Norsk villakssenter)	23.-24. aug.	Lærdal	FF
	Rømming oppdrettsfisk. Pressem.			FF
<b>Hav og kystområda</b>	EU's Vassdirektiv. Møte	14. febr.	Bergen	FF
	Kartlegge sjøfiske	kont.		FF / FS
<b>Forsuring og ureining</b>	Gyro. Pressemelding midlar.	oktober		FS
	Hindre smittespreiing, pressem.	før laksestart		FS / FF
	Kalking. Pressemelding	oktober		FS
<b>Framleige</b>	Høyringsinstans om søknad		Stryneelva	FF
	Kontakte Aurland jfl og følge opp overtredingar i forhold til godkjenning		Nærøydalselva	FF

## Rekruttering

<b>Barn og ungdom</b>	Storkurs 4H (FNF-samarb.)	20.-22.april	Vassenden	FF og UA ?
	Villmarksleir 14 +	8.-10. juni	Sogn	FS og UA
	Koordinere opplæringsjakt i LF	kont.		
	Fylkesleir for ungdom	15.-17.juni	Nesholmen	UA
	Premiere godt ungdomsarb. i LF			UA
	Planlegge Jakt og fiskeskular			
	Planlegge barne- og ungdomsmedarb.			
<b>Kvinnesatsing</b>	Småviltjakt for jenter	september	Gaularfjellet??	KK
	Hjortejakt for jenter			KK
	Laksefiske for jenter	Juni	Daleelva	KK
	Kv. J.p. kandidatar	1.halvår		KK
	Følge opp KK i LF, koordinere aktiv.	kont.		KK
	Arb. for fleire KK i LF	kont.		KK
<b>Medlemspleie</b>	Friluftshelg	20.-22.juli	Hyen	FS
	Medlemsfordelar: rabatt på sikkerheitsbekledning, rabatt på skytesimulator på Lunde, rabatt fiskeutstyr ?			
	Heiderspris til person som har gjort godt arbeid innen barn og ungdom			UA
	Brev til barne- og ungd.medlemer	mars		FS
	Brev til kv. Medlemer + andre jenter	mai ?		
	Prisdifferensiere kurs og aktivitetar	kont.		KK
<b>Anna rekruttering</b>	Brev til LF om direktemedlemer	okt		FS
	Oppfordre LF til å bestille j.p. mapper	kont.		FS

## Organisasjon og informasjon

<b>Årsmøte</b>		24.-25.mars	Leikanger	
<b>Skulering /intern-nettverk fylkeslaget</b>	Samlingar sentralt i NJFF for fylkesinstruktører og andre i fylkeslaget	19.-21. jan. 02.-04. febr. ? 11.-13.mai 31.08-02.09 23.-25.april 5.-7.nov. des. 15.-17.juni 23.-24.nov		Org.kont. KK Hagleinstr. Leiar Leiar FS FS J.P.instr. UA Leiar KK UA Ettersøk
	Leiarkonferanse		Førde	
	Kvinnekontaktsamling, LF			
	Ungdomsansvarlegssamling, LF			
	Dommarsamling blodspor og ferkspor	13.-14.april	Skei	
<b>Utvalg</b>	Danne utvalg innen skyting, fisk, ungdom			styret
<b>Org. skulering</b>	Organisasjonskurs Oppnemne organisasjonskontakter			Org.kont styret
<b>Oppfølging LF</b>	Årsmøte Luster jfl Årsmøte Gloppen jfl Årsmøte Askvoll og Holmedal ?	22.jan 18. febr.	Luster Ura	FS Leiar
<b>Spesialoppfølging LF</b>	Følge opp spesielt nokre LF som ynskjer det Vitalisere eit LF			
<b>FNF nettverk</b>	Møter i styringsgruppa Årsmøte i FNF Fellesmøte hausten	08.mar nov ?	Førde Førde	nestleiar nestleiar/FS nestleiar/FS
<b>Ressurspersonar</b>	Database over ressurspersonar til kurs o.a. slakte, jaktleiar, rev etc.	kont.		FS
<b>Profil</b>	Bruke NJFF sin profil ved annonsering, bruke NJFF sitt handlingsprogram i sin årsplan			
<b>Nettside</b>	Lage ny fylkesside under portalen Informere om kurs og aktivitetar etc. Synleggjere FL sine standpunkt Bistå LF i etablering nye nettsider	mai-juli kont. kont. sommar-haust		FS FS FS FS
<b>Info-skriv LF</b>	min. 6 "Jeger & Fisker" til LF			FS

<b>Avis</b>	"Jakt og Fiskeavisa" 2 x årleg			FS
<b>Presse- meldingar</b>	Sjå også andre punkt. Allemannsretten - barns fiske Samerettusvalget II - samers rettar Sikkerheitsbekledning Om jakt Jenter og jakt Alle arrangement Sjøaureprosjektet	mai-juni 1. halvår før jakta v/jaktstart		FS FS FV FV/FS KK
<b>Inatur</b>	marknadsføre til LF, nettside o.a.			
<b>Informere på aktivitetar</b>	alternative hagl, aktivitetar, medlemsfordelar Seminar Friluftsliv-livskvalitet og psykisk helse	kont 10.11.mai	Førde	alle FS?

# Budsjettforslag 2007

## NJFF Sogn og Fjordane

Inntekter				
3200	3021	Salg-/Reklame (Transporthenger)	Kr.	0,00
3220	3010	Salg-/Effekter	Kr.	10 000,00
3240		Salg-/Kursmateriell	Kr.	0,00
3290		Salg-/Andre Inntekter	Kr.	0,00
3301	3201	NJFF-/Variabel Refusjon	Kr.	45 000,00
3302	3204	NJFF-/Kont. Fast Grunnbeløp	Kr.	23 000,00
3303	3204	NJFF-/Kont. Kom. Andel	Kr.	23 000,00
3304	3206	NJFF-/Kont. Landsmøtet	Kr.	9 000,00
3305	3207	NJFF-/Kont. Lokale Arr.	Kr.	6 500,00
3306	3208	NJFF-/Kont. Ungd.Satsing	Kr.	15 000,00
3307	3209	NJFF-/Kont. Medl.Avis	Kr.	12 000,00
3308	3210	NJFF-/Kont. Kontordrift	Kr.	48 000,00
3309		NJFF-/Refusjon Porto/Adm.Utgifter	Kr.	0,00
3310		NJFF-/Refusjon Fiske/Villm.Camp	Kr.	0,00
3311		NJFF-/Refusjon Merverdiavgift	Kr.	7 500,00
3390	3200	NJFF-/Tilskudd/Refusjon/Andre Bidrag	Kr.	2 000,00
3400		Adm.-/Inntekter	Kr.	1 500,00
3410	3205	Tilskudd-/Fylkessekretær	Kr.	10 000,00
3440	3240	Arrangement-/Studietiltak	Kr.	0,00
3470	3371	Arrangement-/Friluftsløper	Kr.	10 000,00
3473	3374	Kurs-/Jakt/Fangst/Rovdyr	Kr.	33 000,00
3474	3375	Tilskudd-/Driftsplanarbeid	Kr.	0,00
3475	3376	Tilskudd-/FNF/Ettersøksråd	Kr.	10 000,00
3476	3377	Tilskudd-/Medlemsavis	Kr.	0,00
3477	3378	Kurs-/Opplæring Generelt	Kr.	5 000,00
3479		Kurs-/Jegerprøve/Instruktører	Kr.	0,00
3480		Arrangement-/Jakt og Fiskeseminar	Kr.	35 000,00
3481		Arrangement-/Leiarkonferanse	Kr.	0,00
3482		Arrangement-/Hund	Kr.	20 000,00
3483		Tilskudd-/Kultivering	Kr.	0,00
3484		Kurs-/Partering	Kr.	5 000,00
3485		Kurs-/Hagle/Dommer/Instruktør	Kr.	10 000,00
3486		Tilskudd-/Kvinnekontakt	Kr.	15 000,00
3488		Tilskudd-/Ungdom	Kr.	25 000,00
3490	3570	Tilskudd-/Andre Inntekter	Kr.	15 000,00
3500	3800	Kurs-/Avgift	Kr.	15 000,00
3510	3610	Arrangement-/Villmarksmesse	Kr.	0,00
3520	3901	Arrangement-/Lotteri	Kr.	0,00
3540		Arrangement-/Avgift	Kr.	50 000,00
3590	3960	Arrangement-/Andre Inntekter	Kr.	0,00
3990	3990	Drift-/Andre Inntekter	Kr.	10 000,00
8030	8010	Rente-/Inntekter	Kr.	2 500,00
8070	8090	Finans-/Andre Inntekter	Kr.	0,00
8400		Ekstraordinære-/Inntekter	Kr.	25 000,00

Utgifter				
4300	4650	Varer-/Innkjøp Effekter	Kr.	10 000,00
4310	4600	Kurs-/Materiell Interne	Kr.	5 000,00
4320	6400	Kurs-/Materiell Eksterne	Kr.	0,00
4330		Varer-/Materiell/Utstyr	Kr.	10 500,00
4360		Frakt-/Kostnader	Kr.	0,00
4390	4730	Varer-/Andre Kostnader	Kr.	15 000,00
4500	6100	Fremmedytelser-/Konsulentarb.	Kr.	15 000,00
5210		Godtgjørelse-/Telefon	Kr.	7 000,00
5250		Godtgjørelse-/Tapt Arb.fortj.	Kr.	5 000,00
5900		Gaver-/Tillitsvalgte/Andre	Kr.	8 000,00
6300	4600	Kurs-/Drift og Adm. Interne	Kr.	5 000,00
6310	6400	Kurs-/Drift og Adm. Eksterne	Kr.	10 000,00
6440		Leie-/Transportmidler	Kr.	0,00
6470	6215	Leie-/Kontor Fylkessekretær	Kr.	24 000,00
6590	4990	Drift-/Andre Kostnader	Kr.	10 000,00
6600	6899	Arrangement-/Villmarksmessen	Kr.	0,00
6610		Arrangement-/Lokale/Profil.	Kr.	0,00
6620	7002	Arrangement-/Frluftsleirer	Kr.	25 000,00
6630	6600	Arrangement-/Premier/Gevinster	Kr.	10 000,00
6640		Arrangement-/Lotteri Kostnader	Kr.	0,00
6650		Arrangement-/Hund	Kr.	4 000,00
6690	6600	Arrangement-/Andre Kostnader	Kr.	10 000,00
6710		Drift-/Kultivering Jakt/Fiske	Kr.	0,00
6810		Data-/Maskiner/Utstyr	Kr.	25 000,00
6811		Data-/Vedlikehold	Kr.	5 000,00
6812		Data-/Programvare	Kr.	5 000,00
6820	6220	Adm.-/Kontormatr./Inventar	Kr.	3 000,00
6830	6715	Adm.-/Vedlikehold	Kr.	0,00
6840	6860	Adm.-/Aviser/Tidsskrifter	Kr.	4 000,00
6850	6820	Adm.-/Faglitteratur/Bøker	Kr.	0,00
6860	6700	Adm.-/Kontorrekvisita	Kr.	3 000,00
6870	6750	Adm.-/Kopiering	Kr.	0,00
6880	6830	Adm.-/Trykkeritjenester	Kr.	10 000,00
6890		Adm.-/Andre Kostnader	Kr.	0,00
6900	6850	Tele-/Internett/Telefon/Faks	Kr.	22 000,00
6910	6950	Gebyr-/Bank etc.	Kr.	2 300,00
6940	6800	Porto-/Post/Brev etc.	Kr.	30 000,00
7100	6006	Opphold-/Servering Eksterne	Kr.	8 000,00
7110	5900	Opphold-/Servering Interne	Kr.	30 000,00
7120	5950	Reise-/Klippekort Bomavgift	Kr.	0,00
7125	5950	Reise-/Klippekort Ferjer	Kr.	2 500,00
7130	5800	Reise-/Kjøregodtgjørelse	Kr.	60 000,00
7150	6020	Reise-/Arrangement	Kr.	23 000,00
7310	6725	Annonse-/Annonse Kostnader	Kr.	25 000,00
7500	6520	Forsikring-/Forsikringspremier	Kr.	3 600,00
7700	6000	Møter-/Styremøte/Servering	Kr.	6 000,00
7710		Møter-/Seminar	Kr.	0,00
7720		Møter-/Ettersøksrådet	Kr.	5 000,00
7820		Arrangement-/Foreleser	Kr.	0,00
8130	8110	Rente-/Kostnader	Kr.	0,00
8170		Finans-/Andre Kostnader	Kr.	0,00
8500		Ekstraordinære-/Kostnader	Kr.	25 000,00
		<b>Sum Inntekter-/Utgifter</b>	Kr.	498 000,00
		<b>ÅRSRESULTAT Under-/Overskudd</b>	Kr.	<b>USANN</b>
		<b>Balance</b>	Kr.	498 000,00

VEDTEKTER

# NORGES JEGER- OG FISKERFORBUND -SOGN OG FJORDANE

Vedtekne av årsmøtet 25.03.2000

Revidert 18.03.06

Godkjendt av NJFF 09.02.07

## **DEL I**

### **§ 1. NAMN**

*Fylkeslaget sitt namn er Norges Jeger- og Fiskerforbund -Sogn og Fjordane, og er ein samanslutning av alle lag tilslutta Norges Jeger- og Fiskerforbund i Sogn og Fjordane Fylke.*

### **§ 2. FORMÅL**

*Fylkeslaget sitt hovudformål er det same som for NJFF sentralt:*

*Å ta vare på jakt- og fiskeinteressene igjennom å ta vare på naturen sitt produksjonsgrunnlag, og ved at ålmenta skal ha tilgang til å utøve jakt og fiske. Hovudmåla er:*

- *å være ein aktiv interesseorganisasjon som tek vare på medlemene sine interesser innan jakt, fiske, naturforvaltning og friluftsliv.*
- *å sikre ei berekraftig hausting av vilt- og fiskeressursane våre, basert på tilgjengeleg kunnskap.*
- *å sikre at viltet og fisken blir hausta til glede for flest moglege motiverte utøvarar.*

*Arbeidet i fylkeslaget skal byggje på NJFF sitt gjeldande handlingsprogram og det årlege arbeidsprogrammet.*

*Fylkeslaget skal være bindeleddet mellom NJFF sitt sentralledd og lokallaga i fylket. Det har eit særleg ansvar med å ta vare på organisasjonen sitt formål elles på fylkesnivå.*

### **§ 3. LEIANDE ORGAN**

*Laget sine leiande organ er:*

- a) *Årsmøtet*
- b) *Ekstraordinært årsmøte*
- c) *Styret*

*Årsmøtet skal haldast kvart år innan 1. april.*

*Sentralleddet i NJFF har rett til å vera representert på års- og styremøta til fylkeslaget med talerett.*

#### **§ 4. ØKONOMI**

*Forbundet refunderer til fylkeslaget den del av kontingenten som landsmøtet fastset.*

*Fylkeslaget sitt årsmøte kan i tillegg fastsetje ein eigen kontingent til fylkeslaget som vert kravt inn saman med forbundskontingenten.*

*Fastsett fylkeskontingent skal meldast til forbundet innan 1. september.*

### **DEL II**

#### **§ 5. ÅRSMØTE**

*Ordinært årsmøte skal haldast kvart år innan 1. april og skal veksla likt mellom Nordfjord, Sunnfjord og Sogn.*

*Årsmøtet skal kallast inn med 6 vekers skriftleg varsel. Framlegg som laga ynskjer å få handsama av årsmøtet skal vere styret i hende innan utgangen av januar.*

*Styret sitt framlegg til sakliste, årsmelding, rekneskap, evt. vedtektsendringar og andre saksdokument skal sendast til lokallaga seinast 2 veker før årsmøtet.*

*Lag med inntil 200 medlemmer kan senda 2 representantar. Lag med fleire medlemmer kan sende ytterlegare 1 representant for kvar påbyrja 200 medlemmer, -maksimalt 6 representantar.*

*Medlemmer frå laga utnemnd av NJFF i sentrale utval og fylkesinstruktørar vert kalla inn til årsmøtet. Desse har talerett, men ikkje røysterett. Dersom dei møter som representant for eit lag har dei både tale- og røysterett på årsmøtet.*

*Årsmøtet skal handsama følgjande:*

#### *12. Konstituering av møtet*

- Godkjenning av fullmakter*
- Godkjenning av innkalling*
- Godkjenning av saklista*
- Godkjenning av forretningsorden*
- Val av ordstyrar*
- Val av sekretær*
- Val av teljekorps*
- Val av 2 representantar til å skriva under møteboka*

#### *13. Årsmelding frå siste kalenderår.*

#### *14. Revidert rekneskap frå siste kalenderår.*

#### *15. Innkomne saker med styret sitt framlegg til vedtak.*

#### *16. Andre saker som styret har sett opp på saklista.*

#### *17. Styret sitt framlegg til årsplan.*

#### *18. Fylkeslaget sin kontingentdel, med styret sitt framlegg til vedtak.*

#### *19. Styret sitt framlegg til budsjett.*

#### *20. Val av styre i medhald av § 7.*

#### *21. Val av valnemnd på 3 medlemmer - mest mogeleg geografisk fordelt, for 3 år, ein person på val kvart år. Den av medlemene som har sete lengst, er leiar i valnemnda.*

#### *22. Val av 2 revisorar og ein varamedlem for 3 år, ein person på val kvart år.*

#### *23. Val av utsendingar til landsmøtet (kvart tredje år).*

*Ungdomsansvarleg skal vere representert ved NJFF sitt ordinære landsmøte, og skal gå inn i*

kvoten til fylkeslaget.

*Dersom ikkje noko anna er bestemt, skal alle saker avgjerast med simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta, unnateke ved personval, der ein skal foreta loddtrekking. Vala skal vera skriftlege dersom nokon av representantane krev det.*

*Ingen representantar har meir enn ei røyst. Styremedlemene i NJFF Sogn og Fjordane har ikkje røysterett i saker som gjeld årsmelding og rekneskap.*

### **§ 6. EKSTRAORDINÆRT ÅRSMØTE**

*Ekstraordinært årsmøte kan kallast inn av styret, eller når eit tidlegare årsmøte har bestemt det, eller minst 1/4 av lokallaga i fylket, eller forbundsstyret i NJFF krev det.*

*Ekstraordinært årsmøte, vedlagt sakliste, skal kallast inn med minst 14 dagars varsel. Møtet skal ikkje ta avgjerd i andre saker enn dei som er oppførde på saklista i innkallinga.*

### **§ 7. STYRE**

*Laget vert leia av eit styre på 7 representantar, som består av leiar, nestleiar/sekretær, kasserar, ungdomsansvarleg, kvinnekontakt, fagleiar vilt og fagleiar fisk.*

*Fagleiar vilt og fagleiar fisk har fagansvar på kvar sine fagområde og førebur desse til styrebehandling.*

*Styret skal ha to vararepresentantar. 1. vararepresentant har hovudansvar for fagområde innan jakthund. 2. vararepresentant er ordinært varamedlem.*

*Fyrste vararepresentant vert innkalla til alle styremøte, og har røysterett når nokon av dei andre medlemene har forfall.*

*Andre vararepresentant vert også innkalla til fyrste styremøtet etter årsmøtet, og elles når faste representantar melder avbod. Styret har til ein kvar tid maksimalt 6 repr. med stemmerett.*

*Ved likt røystetal har leiar dobbeltrøyst.*

- 1. Styret vert vald for 2 år om gongen. Leiar, kasserar, fagleiar vilt og kvinnekontakt vert valde i år med like årstal. Nestleiar/sekretær, ungdomsansvarleg og fagleiar fisk vert valde i år med ulike årstal.*
- 2. Varamedlemene vert valde for 1 år om gongen.*

*Fylkesinstruktørane og andre fagpersonar er fagleg underlagt NJFF, og tiltrer fylkesstyret etter behov med tale og forslagsrett.*

### **§ 8. STYRET SITT ARBEID**

*Styret skal:*

- 1. Representere fylkeslaget, utøve administrativt mynde, handheve vedtektene og ivareta fylkeslaget sine interesser ut mot dei lokallaga som er tilslutta laget og regionale styresmakter.*
- 2. Medvirke til å opprette nye lokallag og eventuelt medvirke til å slå saman lokallag der det er naturleg, og hjelpa desse med råd og opplysningar.*
- 3. Førebu, handsame og vedta saker av interesse for laga i fylket.*

4. Halde møter med lokallagsleiarar/-styre for drøfting av viktige saker av felles interesse samt ta initiativ til kurs, møte o.l.
5. Sende saker til høyring i lokallaga.
6. Fastsetje tid for ordinært og eventuelt ekstraordinært årsmøte.
7. Leggje fram årsmelding og rekneskap med revisorrapport kvart år om laget si verksemd i kalenderåret.
8. Utarbeide framlegg til årsplan og budsjett for komande år.
9. Sende årsmelding og rekneskap samt årsmøtereferat med ajourført liste over tillitsvalde til NJFF og lokallaga seinast 1 månad etter årsmøtet. Føreslå nyval dersom tillitsvalde ikkje oppfyller instruksen, også om dei ikkje står på val.
10. Styret kan oppnemne eigne arbeidsutval. Styret utarbeidar arbeidsinstruks for desse.
11. Gjere framlegg om tildeling av eventuelle heidersteikn.
12. Utnemne fylkesinstruktørar.
13. Utarbeide instruks for tilsette i fylkeslaget.
14. Styret utarbeidar instruks for styremedlemer og instruktørar.
15. Vere representert ved stemner og arrangement på fylkesnivå.
16. Arbeide for lags- og medlemsfordeler, herunder drive informasjon om økonomisk støtte til fylkeslag og lokallag.
17. Avgjere tvistar mellom laga. Avgjersla kan ankast inn for årsmøtet i fylkeslaget.

*Styret er vedtaksført når minst halvdelen av styret er tilstades. Vedtak vert avgjort ved simpelt fleirtal. Ved likt røystetal er framlegg forkasta. Det skal førast protokoll frå kvart styremøte.*

#### **§ 9. VEDTEKSENDRINGAR**

*Vedtektsendringar (del II) kan gjerast av årsmøtet. Til gyldig vedtak vert det kravt 2/3 fleirtal av dei representantane som er tilstades på årsmøtet.*

*Vedtektsendringar skal godkjennast av Representantskapet i NJFF.*